



Vaksdal kommune

MØTEINNKALLING ELDRERÅDET

Møtedato: 06.12.2017
Møtested: Kommunestyresalen
Møtetid: 12.00 - 15.00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Solrun Hauglum epost solrun.hauglum@vaksdal.kommune.no

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
24/2017	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
25/2017	GODKJENNING AV MØTEBOK
26/2017	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR
27/2017	FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR 2018 - UTTALE FRÅ ELDRERÅDET
28/2017	ELDREDAGEN 2017 - REKNESKAP
29/2017	IDÉDUGNAD AKTIVITET - EVALUERING OG OPPFØLGING
30/2017	REFERATSAKER OG MELDINGAR
30/2017.1	Seniorpolitisk redegjørelse

22. november 2017

Helge Risnes
Leiar



Vaksdal kommune



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
24/2017	Eldrerådet	PS	06.12.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE - 033	17/1361

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
25/2017	Eldrerådet	PS	06.12.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE - 033	17/1361

GODKJENNING AV MØTEBOK

Vedlegg:

Protokoll - Eldrerådet - 05.10.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.



MØTEPROTOKOLL ELDRERÅDET

Møtedato: 05.10.2017
Møtestad: Møterom 4. et. Heradshuset
Møtetid: 15.00 - 17.00

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Helge Risnes		Utvalsleiar
Bjarnhild Helle		Nestleiar
Agnar Sellevold		Medlem
Sigmund Simmenes	SP	Medlem
Karin B. Groth	FRP	Medlem

Andre møtande:

Solrun Hauglum, sekretær og kommunalsjef/prosjektleiar

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
17/2017	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
18/2017	GODKJENNING AV MØTEBOK
19/2017	REFERATSAKER OG MELDINGAR
20/2017	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR
21/2017	FELLESMØTE MED FRIVILLIGE
22/2017	LOKAL FORSKRIFT OM TILDELING AV LANGTIDSOPPHALD I SJUKEHEIM - HØYRING
23/2017	TEKNOLOGIKURS AV PENSJONISTFORBUNDET 18. OKTOBER



17/2017: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Eldrerådet 05.10.2017

Behandling:

ELD - sak 17/2017 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

18/2017: GODKJENNING AV MØTEBOK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

Eldrerådet 05.10.2017

Behandling:

ELD - sak 18/2017 Vedtak/Tilråding:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

19/2017: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Eldrerådet 05.10.2017



Behandling:

ELD - sak 19/2017 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Sekretær melder Bjarnhild, Helge og Karin på Eldrerådskonferansen i Bergen.

20/2017: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

- Eldredagen 2017. Evaluering og rekneskap.
- Status i "Lev Vel i Vaksdal". V/ prosjektleiar Solrun Hauglum.

Eldrerådet 05.10.2017

Behandling:

Eldredagen 2017 vart markert på ein god måte med ein fin fest. Det har vore mange positive attendemeldingar, og festen fekk positiv omtale i lokalavisa. Sigmund tek ansvar for å senda gåva til Harald Stanghelle. Forslag om å bruka bordkort neste år for å spreia dei inviterte gjestene/ innleiarane rundt på borda. Sekretær tek vare på songhefta til neste år. Det vart seldt 62 billetter. Rekneskapet er ikkje ferdig, men det vil truleg verta rundt 1000 kr. i minus. Nøyaktig rekneskap vert lagt fram på neste møte.

ELD - sak 20/2017 Vedtak/Tilråding:

Saka vert tatt til orientering.

21/2017: FELLESMØTE MED FRIVILLIGE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eldrerådet kallar inn Frivilligsentral, Røde Kors m.fl. til felles møte om samarbeid rundt aktivitetar og arrangement på institusjonane.

Eldrerådet 05.10.2017



Behandling:

Sekretær lagar invitasjon og sender dei aktuelle, d.v.s. Frivilligsentralen, Røde Kors besøksteneste/omsorg, Ungdomsskulen v/ rektor, Ungdomsrådet, Pensjonistforeningar, leiarar innan helse og omsorg, ordførar og leiar av Levekårutvalet. Møtet startar med presentasjon av status. Kven bur på sjukeheim, og kva slags funksjonsnivå har dei? Kva er aktuelle aktivitetar på sjukeheim? Kva aktivitetar og tilstelningar har me på sjukeheimane i dag? Frivilligsentralen og Røde Kors vert spurde om å presentera sine tiltak for bebuarar på sjukeheim. Sekretær bestiller rom, lagar kaffi/te og kjøper inn kjeks o.l.

ELD - sak 21/2017 Vedtak/Tilråding:

Eldreådet kallar inn Frivilligsentralen, Røde Kors m.fl. til felles møte om samarbeid rundt aktivitetar og arrangement på institusjonane torsdag 16. november kl. 17.00 - 19.00 i Kommunestyresalen.

22/2017: LOKAL FORSKRIFT OM TILDELING AV LANGTIDSOPPHALD I SJUKEHEIM - HØYRING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eldrerådet 05.10.2017

Behandling:

ELD - sak 22/2017 Vedtak/Tilråding:

Eldrerådet er førelagt høyringsutkastet til forskrift. Eldrerådet har ingen merknad til utkastet.

23/2017: TEKNOLOGIKURS AV PENSJONISTFORBUNDET 18. OKTOBER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eldrerådet arrangerar saman med Pensjonistforbundet kurs om velferdsteknologi på Dale 18.10.2017.

Eldrerådet 05.10.2017

Behandling:



Vaksdal kommune

Arrangementet vart planlagt. Bjarnhild tek ansvar for tilgang til lokalet. Helge ønskjer velkomen saman med Anita Sævild, prosjektkoordinator for "Lev Vel i Vaksdal". Sekretær har kontakt med foredragsholdar frå Pensjonistforbundet.

ELD - sak 23/2017 Vedtak/Tilråding:

Eldrerådet arrangerar saman med Pensjonistforbundet kurs om velferdsteknologi på Dale 18.10.2017.



Eventuelt:

- Eldrerådet har registrert at Ressurscenter demens på Vaksdal har fått Motiview sykkel i gåve frå Vaksdal Røde Kors besøksteneste. Eldrerådet meiner at ein slik sykkel også burde ha vore tilgjengeleg på Helsehuset Daletunet. Det vart føreslege å starta kronerulling for å samla inn pengar til denne typen sykkel på Helsehuset.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
26/2017	Eldrerådet	PS	06.12.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE - 033	17/1361

DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

- Status i "Lev Vel i Vaksdal" v/ kommunalsjef og prosjektleiar Solrun Hauglum.
- Attendemedlingar frå Eldrerådskonferansen 7. - 8. november frå medlem i Eldrerådet som deltok.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
27/2017	Eldrerådet	PS	06.12.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE - 151	17/1362

FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR 2018 - UTTALE FRÅ ELDRERÅDET

Vedlegg:

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL BUDSJETT 2018 (L)(90738)

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2018 (L)(90667)

Budsjett 2018 - Vedlegg 2 Betalingsattsar (L)(90669)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eldrerådet tek Formannskapet sitt budsjettvedtak for 2018 til orientering.

Saksopplysningar:

Jamfør vedlegg og vedlagde budsjettframlegg.

Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2018 er vedlagt. Formannskapet fattar sitt budsjettvedtak på møte 27. november. Dette vert ettersendt så snart det er klart.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
91/2017	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	27.11.2017
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Truls Morten Kaland	FE - 151	17/737

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL BUDSJETT 2018

Vedlegg:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2018

Budsjett 2018 - Vedlegg 2 Betalingssatsar

Lokal forskrift - Gebyrregulativ plan, byggesak, kart-2018

Momentum Budsjettnotat - Vaksdal kommune 2018

Budsjettforslag 2018 KU i Vaksdal kommune

Søknad om løyvingar VKF 2018

Svar på spørsmål frå budsjettseminar

Oversyn bestillingar som er lagt fram til formannskapet og følger budsjettprosessen til kommunestyret

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner årsbudsjett 2018 for Vaksdal kommune slik det ligg føre med spesifikasjon av drifts- og investeringsbudsjett. Rådmannen får fullmakt til å fordele nettoramman innafor tenesteområda, og kan gjere budsjettendringar innafor områda som ein del av den løpande drifta som ikkje er av prinsipiell karakter.
2. Skatt på inntekt og formue vert skriven ut etter dei til kvar tid gjeldande reglar.
3. I medhald av eigedomsskattelova § 2 og §3a vert det skrivne ut eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen i 2018. Alminneleg eigedomsskattesats vert sett til 7 promille i 2018 med unntak av eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedomar som vert sett til 5,5 promille. Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0. For kraftanlegg vert § 8B i eigedomsskattelova lagt til grunn.

For eigedom eigd av stiftingar og institusjonar med allmennyttig formål, som er ført opp på eigedomsskattekontoret si liste av 26.02.2010, vert det i medhald av § 7a gjeve fritak for eigedomsskatt. Fritak vert gjeve i 10 år for nye bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære jf §7c.

Eigedomsskatten for 2018 forfell til betaling i 4 terminer saman med kommunale avgifter.

4. Kommunestyret godkjenner ei investeringsramme på kr 94.950.000,-. Rådmann får fullmakt til å oppta nye lån innafor ei total låneramme på kr 52.646.563,-. I tillegg får rådmann fullmakt til låneopptak i Husbanken av kr 2.000.000,- til vidare utlån av formidlingslån. Alle lån i kommunen sin låneportefølje kan refinansierast i budsjettåret 2018. Rådmannen har i samsvar med finansreglementet fullmakt til å godkjenne mogeleg refinansiering av låna og lånevilkåra.
5. Rådmann får fullmakt til å redigere, rette feil og innarbeide kommunestyret sine vedtekne framlegg. Ajourført budsjettokument vert lagt fram for Formannskapet.
6. Gebyr og betalingssatsar etter «Vedlegg – betalingssatsar 2018» vert godkjent. Nye betalingssatsar og avgifter vert gjort gjeldande frå 01.01.2018, med mindre lov eller forskrift set andre fristar.
7. Lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming vert vedtatt med heimel i plan- og bygningslova § 33-1, matrikelova § 32, eigarseksjonslova §§ 7, 14 og 15, ureiningslova § 52a, hamne- og farvasslova §§ 6 og 25 samt forvaltningslova § 27a jf forskrift om gebyr for handsaming av konsesjonssaker. Forskrifta ligg som vedlegg til Årsbudsjett 2018 og vert å kunngjere lokalt.
8. Feie- og tilsynsgebyr for 2018 vert fastsett med heimel i lov av 14.juni 2002 nr. 20 om Brannvern, § 28.
9. Vass- og avlaupsgebyr for 2018 vert fastsett med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg (§3), Forskrift om begrensning av forureining (§16) og Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Vaksdal kommune.
10. Slamtømmegebyr for 2018 vert vedteke i medhald av Forureiningslova §26.
11. Fastsetjing av eigendel for kommunale helse og omsorgstenester i og utanfor institusjon for 2018 vert fastsett i samsvar med Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester. Rådmannen får fullmakt til å gjera unntak frå satsane når særlege tilhøve gjer seg gjeldande.

Saksopplysningar:

Rådmann sitt framlegg til budsjett 2018 byggjer på Handlingsprogram og Økonomiplan 2018-2021. Rådmann sitt framlegg vart presentert for kommunestyret 23.10.2017 og lagt fram for formannskap-plan og økonomiutval i budsjettseminar 6.og 7.november 2017. Formannskapet vil behandle budsjettet og gje si innstilling i møte 27.november 2017.

Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett er innarbeidd i Årsbudsjett 2018 og er lagt ved saka.

Skjema som ligg ved i budsjettokumentet er i samsvar med «*Forskrift om årsbudsjett (for kommuner og fylkeskommuner)*».

Vaksdal Kommune

Rådmanns framlegg til budsjett 2018



Tour des Fjords 2017. Foto: Emil Stamnes Vik
Vinnarbilete i fotokonkurransen

Innhald

Innhald.....	3
Rådmann sitt framlegg til årsbudsjett for 2018	4
Heilskapleg system	5
Statsbudsjettet 2018 – Kommuneøkonomi	7
Føresetnader i Handlingsprogram og økonomiplan 2018 – 2021.....	11
Mål og utfordringar	11
Prognose folketal	13
Inntekter.....	14
Utgifter	16
Tenesteområda	16
Budsjett 2018	19
Frie inntekter.....	19
Andre inntekter	20
Utgifter	22
Skjema	22
Investeringar	24
Finansiering	26
Fond.....	30
Strategiske val og endringar i drifta	31
Organisasjon.....	32
Mål, tiltak og rammer 2018	35
Gjennomgåande fokusområde.....	35
Tenesteområde Oppvekst	37
Skule	39
Barnehage	41
Tenesteområde helse og omsorg.....	43
Helse- og omsorg.....	44
Tenesteområde samfunnsutvikling.....	47
Samfunnsutvikling	48
Felles økonomi	50
Vedlegg 1. Kostra/analysar/nøkkeltal	52
Vedlegg 2. Betalingssatsar 2017.....	62

Rådmann sitt framlegg til årsbudsjett for 2018

Rådmann legg fram konsekvensjustert budsjett for 2018 basert på føringar i vedteken økonomiplan. Norsk arbeidsliv står i omstillingar og endringstakten i samfunnet aukar. Dette pregar også kommunesektoren som må tilpasse seg auka krav og endra rammevilkår. Vaksdal opplever vanskelege tider økonomisk og må ta sin del av endringar og omstilling for å møte framtida. Strategiar og tiltak vedtatt i økonomiplanen skal setjast i verk i 2018 og åra som kjem.

Samtidig pågår planleggingsarbeidet med K5, ny vei og bane, gjennom kommunen. Eit prosjekt som skapar optimisme og potensielt kan medføre etterlengta folketalsvekst i kommunen på sikt. Utbygginga vil prege Vaksdal samfunnet over lang tid og gje mogelegheiter for utvikling. Arbeid med områdeplanar for stasjonsbyane Vaksdal og Stanghelle blir viktig for å sikre ei planmessig og god utvikling. For å styrke

Gjennom utbygging på Tettaneset legg kommunen til rette eit større utbyggingsområde for ny busetnad. Samtidig skal det byggast ny skule på Dale og tilbygg på Vaksdal. Store investeringar som er krevjande løft for kommunen, men som kan bidra til tilflytting og hindre utflytting.

Inntektene til kommunen vert redusert kvart år framover i planperioden. Særleg gjeld dette inntekter relatert til vasskraftressursane og kraftproduksjon som er sterkt svekka samanlikna med tidlegare. Regjeringa foreslår store innstramningar i eigedomsskatten som vil redusere kommunen sine inntekter ytterlegare.

Også statlege overføringar vert redusert som følge av endringar i inntektssystemet og demografi. Auka kostnader til renter og avdrag, løns- og prisvekst og pensjon må dekkast inn. Nye oppgåver til kommunane og nye krav i tenestene skal også dekkast av dei statlege midlane. Veksten på 2% i 2018 dekker langt frå auken i kommunen sin utgifter. Dagens driftsnivå er ikkje lenger berekraftig, omstillingar og endringar er nødvendig for å tilpasse seg endra rammevilkår.

Kommunen har budd seg på denne utviklinga og er i gang med endringar og behovstilpassingar innan alle område. Prosjektet Lev Vel i Vaksdal er eit døme på endringsarbeidet som pågår for å møte samfunnsutfordringane og endra rammevilkår.

Vurderingar og prioriteringar er nødvendig og i framlegget til årsbudsjettet 2018 vert det lagt fram faglege tilrådingar til politisk behandling. Rådmann foreslår å auke ramma til barnehage for å møte endra krav og auka etterspurnad etter barnehageplass. I tillegg er det nødvendig å setje av noko ekstra midlar for å styrke kapasitet og kompetanse i samband med kommunen sitt arbeid relatert til utbygging av ny veg og bane.

Store investeringar krev store låneopptak som aukar lånegjelda monaleg framover. Renter og avdrag aukar og skal dekkast inn av årlege driftsmidlar. Det er urovekkande høge kostnader som bind kommunen i lang tid og vil redusere tilgjengelege midlar til tenesteyting og drift av kommunen. Det vil krevje svært nøktern drift og vanskelege prioriteringar i budsjett og økonomiplanar.

Rådmann er uroa for den høge endringstakten vi vil møte i åra som kjem, det stiller krav om å tenke nytt om korleis oppgåver kan løysast. Våre dyktige leiarar saman med kompetente og motiverte tilsette viser evne og vilje til å løyse oppgåver både på tvers av organisasjonen og saman med innbyggjarar og andre samarbeidspartnarar. Auka satsing på digitalisering og bruk av moderne teknologi skal bidra til å realisere effektive, gode tenester, dialog og samhandling.


Dale 23.oktober 2017

Åse Elin Myking, konstituert rådmann

Heilskapleg system

Gjennom gode plan- og styringsprosesser og god leiing skal kommunen ivareta rollen som tenesteyter, samfunnsutviklar og demokratisk arena.

Plansystemet består av kommunen sitt overordna og politisk vedtatte planverk som skal sikre gjennomføring av politiske mål og prioriteringar.




Kommunen sine oppgåver følgjer av kommunelova, plan- og bygningsloven, øvrige lover og forskrifter, nasjonale føringar og politiske vedtak. Kravet til styring og samordning gjennom planlegging er blitt stadig sterkare. Gjennom reglane i plan- og bygningslova er kommunane m.a. pålagde å utarbeide samla kommuneplan for utvikling og samordna oppgåveløysing. Kommunane har vidare mynde til å styre arealbruken gjennom å utarbeide arealplanar. I gjeldande lovverk er det teke inn reglar som stiller sterke krav til samordning av ulike omsyn på alle plannivå.

Mange av oppgåvene blir operasjonalisert og implementert gjennom plansystemet. Kommunestyret vedtar alle overordna planar som kommuneplan, kommunedelplanar, økonomiplan og årsbudsjett (handlingsdel). Styringsdokument på eit lavare nivå skal være ei operasjonalisering av overordna planar.

I vedtatt planstrategi for valperioden ligg ferdigstilling av arealplan og oppstart kommunedelplan oppvekst inne i 2018. I tillegg vil arbeidet med områdeplanar for *stasjonsbyane* Vaksdal og Stanghelle halde fram.

Årleg rullering av handlingsdelen/ økonomiplanen skjer i vårhalvåret med vedtak i kommunestyret i juni. Det vert lagt opp til politisk prosess gjennom orienteringar, drøftingar og temamøte i formannskap, plan og økonomiutval og kommunestyret.

Rådmann sitt framlegg til årsbudsjett vert lagt fram tidleg haust for å gje tid til den politiske prosessen før vedtak i kommunestyret i desember. Formannskap, plan og økonomiutval har årleg ein budsjettkonferanse ved oppstart av arbeidet.



Gode plan- og styringsprosesser krev leiarar som gir retning, utnyttar handlingsrommet og er resultatorientert. Samtidig skal leiarane legge til rette for ein arbeidskultur som fremjar læring og utvikling i heile organisasjonen. Det skal støttast opp om innovative løysingar.

Styringssystemet (verksemdsstyring) er rådmann sitt verktøy for iverksetjing og oppfølging av politiske vedtak, mål og prioriteringar. Verksemdsstyringa skal:

- vera basert på mål- og resultatstyring som overordna styringsprinsipp
- sikre effektiv gjennomføring av politiske vedtak
- sikre etterleving av lover og forskrifter
- integrere risikostyring og internkontroll
- sikre ei formålstenleg organisering, effektive arbeidsprosesser og riktig ressursbruk
- sikre læring, forbetring og innovasjon

Kommunen nyttar ulike styringsmodellar for å iverksetje politiske vedtak, prioriteringar og mål, og å skape best mogelege resultat og kvalitet i tenestene.

Linjestyring – styring av basisorganisasjon

Prosjektstyring – styring av mellombels organisasjon som eit prosjekt eller program

Kontraktstyring – styring av tenester som vert kjøpt frå andre

Eigarstyring – styring av selskapa som kommunen eig heilt eller delvis

Administrativt delegeringsreglement omhandlar ansvar og fullmaktsnivå i organisasjonen. Mål og resultatkrav er nedfelt i leiaravtalar.

Ei hensiktsmessig organisering, effektive arbeidsprosessar og god ressursbruk skal sikre at innbyggjarane mottar tenester av rett kvalitet og til rett tid, og at organisasjonens ressursar vert nytta på ein effektiv måte og innafor vedtatte økonomiske rammer.

Statsbudsjettet 2018 – Kommuneøkonomi

Statsbudsjettet vart lagt fram 12.10.2017. I brev til kommunane har Fylkesmannen gitt eit oversyn over hovudpunkta i framlegget til statsbudsjett for 2018:

Regjeringa sitt framlegg for budsjettåret 2018

Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2017 til 2018 med 2,4 prosent. Pårekna skatteinntekter i 2018 byggjer blant anna på pårekna sysselsetjingsvekst (1,1 prosent) og lønsvekst (3 prosent).

Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret blir uendra frå 2017 til 2018, det vil seie 11,80 prosent. Det er lagt opp til at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vere om lag 40 prosent også for 2018.

Den samla pris og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) er i framlegget 2,6 prosent. Pårekna lønsvekst inngår i deflatoren med 3,0 prosent for 2018, og tel om lag to tredelar av den samla deflatoren. Pårekna prisvekst på varer og tenester vil inngå i deflatoren med 1,9 prosent. Deflatoren blir nytta til prisjustering av statlege rammetilskot og øyremerkte tilskot i statsbudsjettet.

Frie inntekter - skatt og rammeoverføring samla

I berekning av skatteprognose for 2018 er det justert for same endring i prosent i høve til rekneskap 2016 for alle kommunane uavhengig av den lokale utviklinga i kvar kommune etter 2016. Denne skatteprognosen er nytta som grunnlag for pårekna inntektsutjamning.

Veksten i rammeoverføring frå 2017 til 2018 vil variera mellom kommunane. Hovudårsakene er følgjande punkt som påverkar kommunane ulikt:

- verknad av omlegginga av inntektssystemet frå 2017
- oppdatering av kostnadsnøkklane i utgiftsutjamninga frå 2017
- endring i kriteriegrunnlaget (t.d. talet på eldre) og talet på innbyggjarar samla
- endring i fordelinga av skjønstilskot
- endring i veksttilskot
- endring i distriktstilskot.

Priskompensasjon frå 2017 til 2018 er innarbeidd i oversynet for dei frie inntektene.

Samla vekst i frie inntekter

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane frå 2017 til 2018 med knapt 3,6 mrd. Veksten er rekna frå inntektsnivået i år som var lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Denne veksten i dei frie inntektene er realauke slik at priskompensasjonen frå 2017 til 2018 vil kome som eit tillegg i inntektene.

Det er lagt opp til at auken i dei frie inntektene skal dekkja auka ressursinnsats i kommunane til:

1. Kr. 2,2 mrd. i pårekna meirutgifter som følgje av befolkningsutviklinga, både med omsyn til folkevekst og alderssamansetjing. Dette er den delen av samla meirutgifter knytte til den demografiske utviklinga som er pårekna å bli dekte av veksten i dei frie inntektene.
2. Det er venta at pensjonskostnadene for kommunane vil auke ut over det som blir kompensert gjennom prisjustering av inntektene. For kommunane kan denne realveksten i utgiftene omtrentleg reknast til kr. 0,30 mrd.
3. Delar av veksten i dei frie inntektene kan dessutan knytast til følgjande satsings-område:
 - Kr. 300 mill. til opptrappingsplan for rusomsorg. Dette er eit trinn i ein opptrappings-plan med auka løyvingar til rusområdet i perioden 2016 - 2020
 - Kr. 200 mill. til tidleg innsats i barnehage og skule
 - Kr. 200 mill. til førebyggjande tiltak for barn, unge og familiar. Det er ei målsetjing å gjere kommunane i stand til å ta større ansvar på barnevernsområdet, jf. barnevernsreforma.

Det er rekna med ein nominell vekst i kommunane sine samla frie inntekter på landsbasis frå 2017 til 2018 med 2,6 prosent. Veksten er rekna i høve til noverande pårekna inntektsnivå i år.

Auka rammeoverføring blir gitt for nye oppgåver og omfattar også heilårsverknader i denne samanhengen. Dette vil også omfatta innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskotet.

Aktuelle saker

Opptappingsplan for rus

Det er ein opptappingsplan med auka løyvingar til rusområdet i perioden 2016 - 2020. Satsinga kjem i hovudsak ved at ein del av veksten i dei frie inntektene er grunnlagt med satsinga på rusomsorg. I 2016 og 2017 var denne opptappinga gjennom rammetilskotet på til saman kr. 700 mill. For 2018 er det lagt opp til ei ytterlegare opptapping av rammetilskotet med kr. 300 mill. Fordelinga mellom kommunane blir gjort etter delkostnadsnøkkelen for sosialhjelp i inntekts-systemet.

Helsestasjon og skulehelseteneste

Rammetilskot knytt til satsinga på helsestasjon og skulehelsetenesta blir vidareført frå 2017 til 2018. Midlane blir fordelte mellom kommunane på grunnlag av talet på innbyggjarar i alderen 0 - 19 år, med eit minstenivå på kr. 100.000,- per kommune.

Dagtilbod demente

Kommunane vil frå 01. januar 2020 få plikt til å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens. Det er lagt opp til utbygging av tilbodet fram mot år 2020. Tilskotsordninga til dagaktivitetstilbod for personar med demens blir vidareført. Det er framlegg om å leggja til rette for 350 nye plassar i 2018.

Innlemming av øyremerka bustadsosiale tilskot i rammetilskotet

Tilskot frivilligsentralar – fordelt i rammetilskotet

Tidleg innsats i barnehage og skule

Regjeringa gjer framlegg om å styrka arbeidet med tidleg innsats i barnehage og i skulen for å fanga opp utfordringar tidleg og følgja dei opp raskt. Kroner 200 mill. av veksten i dei frie inntektene er grunnlagt med denne satsinga i 2018. Halvdelen av desse midlane blir fordelte mellom kommunane etter delkostnadsnøkkelen for barnehage. Den andre halvdelen av midlane blir fordelte etter delkostnadsnøkkelen for grunnskule.

Barnevern

Kroner 200 mill. av veksten i dei frie inntektene er grunnlagt med førebyggjande tiltak for barn, unge og familiar. Målsetjinga er at kommunane skal kunne ta eit større ansvar på barnevernsområdet, i lys av barnevernsreforma. Midlane blir fordelte mellom kommunane etter den samla kostnadsnøkkelen.

Sjukeheimplassar og omsorgsbustader – investeringstilskot vidareført

I 2017 er tilskotssats 55 prosent av godkjent investeringsgrunnlag for sjukeheimplassar og 45 prosent av godkjent investeringsgrunnlag for omsorgsbustader. Det er lagt opp til dei same tilskotssatsane i 2018. Målgruppa for ordninga er personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uavhengig av alder, diagnose og funksjonshemming.

Stortinget har vedteke ei gradvis endring i investeringstilskotet slik at det frå og med 2021 berre blir gitt investeringstilskot til heildøgns omsorgsplassar som aukar det samla talet på plassar i kommunen, det vil seie ikkje tilskot til rehabilitering av eksisterande plassar.

Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øyremerkte tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år. Utbetaling av tilskot til kommunane i 2018 er basert på direkte lønsutgifter i 2017 knytte til tenestemottakarar. Det er lagt opp til følgjande for 2018:

- Kompensasjonsgraden blir vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslagsnivået.
- Innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka per brukar frå kr. 1,157 mill. til kr. 1,235 mill
- Tilskot for psykisk utviklingshemma (16 år og eldre) i rammetilskotet blir trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget. Eventuelle øyremerkte tilskot blir også trekt frå berekningsgrunnlaget.

Barnehagar

Stortinget vedtok i revidert nasjonalbudsjett for 2017 at det øyremerkte tilskotet til fleire barnehagelærarar på kr. 172,2 mill. blei overført til rammetilskotet. Heilårsverknad av denne innlemminga i rammetilskotet utgjer for 2018 (sju månader i tillegg), med priskompensasjon (2,6 prosent), kr. 247,2 mill. Dette blir innlemma i rammetilskotet for 2018.

Det er lagt opp til auka foreldrebetaling i barnehage med kr. 110,- per måned. Rammetilskotet blir på denne bakgrunn redusert med kr. 301,5 mill.

Inntektssystemet i 2018

Det er ikkje lagt opp til omleggingar i inntektssystemet frå 2017 til 2018 knytte til:

- inntektsutjamning
- utgiftsutjamning med basistilskot
- veksttilskot
- distriktstilskot
- småkommunetillegg

Veksttilskotet for 2018 vil bli gitt til kommunar som har hatt ein gjennomsnittleg årleg befolkningsvekst på 1,4 prosent eller meir dei siste tre åra. Veksttilskotet blir gitt som eit fast tilskotsbeløp per ny innbyggjar utover vekstgrensa. Tilskotssats for 2018 er i framlegget kr. 57.191,-, som er det same som for 2017.

Det er i framlegget lagt opp til å ikkje prisjustera satsane for dei regionalpolitiske tilskota frå 2017 til 2018. Dette omfattar distriktstilskot med småkommunetillegget, veksttilskot og storbytilskotet. Dei frigjorte midlane vil i staden bli omdisponert til ei styrking av innbyggjartilskotet og vil med det bli fordelte mellom alle kommunane. Det vil vere endringar i distriktstilskot med småkommunetillegget for nokon kommunar frå 2017 til 2018 som følgje av endring i distriktsindeks og endringar i innbyggjartalet.

Overgangsordninga INGAR gir kompensasjon for ei utvikling i rammetilskotet med meir negativt avvik enn grenseverdien frå landsgjennomsnittet, frå eit år til det neste. Grenseverdien for kompensasjon blir justert opp frå kr. 300,- per innbyggjar i 2017 til kr. 400,- per innbyggjar i 2018.

Skjønstilskot - Fylkesmannen vil senda kommunane brev med grunngjeving for fordelinga av det ordinære skjønstilskotet for 2018.

Kommunereform

Regionsentertilskot

Tilskotet skal gå til kommunar som slår seg saman når den nye samanslåtte kommunen vil bli meir enn om lag 8000 innbyggjarar. Det blir ikkje gitt regionsentertilskot til kommunar som mottok storbytilskot.

Regionsentertilskotet er fordelt mellom dei framtidige samanslåingskommunane med ein sats per samanslåing (60 prosent av samla tilskot) og ein sats per innbyggjar (40 prosent av samla tilskot). Fordelinga mellom kommunane i kvar samanslåing er gjort på grunnlag av innbyggjartalet. Det er lagt til grunn at tilskotet blir nytta til fellestiltak for den nye samanslåtte kommunen.

Overgangsordning 2017 - 2019

Det blir i perioden 2017 - 2019 gitt årleg kompensasjon til kommunar i samanslåing som har fått redusert basistilskot frå 2016 til 2017 på grunn av omlegginga til gradering av halvdel av basistilskotet. I utrekninga av kompensasjon blir det teke omsyn til den kompensasjonen som kjem gjennom overgangsordninga INGAR.

Ufrivillig åleine

Det blir gitt delvis kompensasjon til kommunar som er blitt ståande ufrivillig åleine etter kommunereforma og som tapte på omlegginga av basistilskotet eller småkommunetilskotet frå 2016 til 2017. I utrekninga av kompensasjon blir det teke omsyn til den kompensasjonen som blir gitt gjennom overgangsordninga INGAR.

Eingongstilskot og inndelingstilskot

Tilskot for eingongskostnader er utbetalt i år, samt tilskot knytt til infrastrukturtiltak. Reformtilskot vil bli utbetalt etter at kommunesamanslåing har vorte sett i verk. Det vil seie etter 01. januar 2020.

Årleg inndelingstilskot blir utbetalt frå og med år 2020 (i 15 + 5 år). Det erstattar bortfall av basistilskot og eventuelt bortfall av småkommunetilskot/reduksjon distriktstilskot som følgje av samanslåing. Inndelingstilskotet vil vere basert på tilskot og kriteriegrunnlaget for 2016. Det blir tillagt årleg priskompensasjon. Basistilskotet i 2016 var kr. 13,2 mill. for kvar kommune.

Formelle forhold knytt til årsbudsjett og økonomiplan

Det lovmessige grunnlaget for Økonomiplan finn ein i Kommunelova §44

1. *Kommunestyret og fylkestinget skal en gang i året vedta en rullerende økonomiplan.*
2. *Økonomiplanen skal omfatte minst de fire neste budsjettår.*
3. *Økonomiplanen skal omfatte hele kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og gi en realistisk oversikt over sannsynlige inntekter, forventede utgifter og prioriterte oppgaver i planperioden. Planen skal være satt opp på en oversiktlig måte.*
4. *I økonomiplanen skal det for hvert enkelt år økonomiplanen omfatter anvises dekning for de utgifter og oppgaver som er ført opp, jf. § 46 nr. 6.*
5. *Planer som omfatter avgrensede deler av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, skal integreres i økonomiplanleggingen og bruken av midler innarbeides i planen.*
6. *Kommunestyret og fylkestinget vedtar selv økonomiplanen og endringer i denne. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra formannskapet eller fylkesutvalget. Ved parlamentarisk styreform skal rådet avgi innstilling som nevnt.*
7. *Innstillingen til økonomiplan, med de forslag til vedtak som foreligger, skal legges ut til alminnelig ettersyn minst 14 dager før den behandles i kommunestyret eller fylkestinget. Dette gjelder likevel ikke ved innstilling som gjelder endringer i økonomiplanen.*
8. *Økonomiplanen og endringer i denne oversendes departementet til orientering.*

Kommunen skal etter Kommunelova §45 vedta eit budsjett for neste år innan utgangen av året.

Kommunelova § 46 seier følgjande om innhald i årsbudsjettet

1. *Årsbudsjettet er en bindende plan for kommunens eller fylkeskommunens midler og anvendelsen av disse i budsjettåret. I bevilgninger til formål kan det likevel gjøres fradrag for tilhørende inntekter. Kravet om budsjettjemmel på utbetalingstidspunktet gjelder ikke for utbetalinger som kommunen eller fylkeskommunen er rettslig forpliktet til å foreta.*
2. *Årsbudsjettet skal omfatte hele kommunens eller fylkeskommunens virksomhet.*
3. *Årsbudsjettet skal være realistisk. Det skal fastsettes på grunnlag av de inntekter og utgifter som kommunen eller fylkeskommunen kan forvente i budsjettåret.*
4. *Årsbudsjettet skal være stilt opp på en oversiktlig måte. Kommunestyrets eller fylkestingets prioriteringer, samt de målsettinger og premisser som årsbudsjettet bygger på, skal komme tydelig fram.*
5. *Årsbudsjettet skal være inndelt i en driftsdel og en investeringsdel.*
6. *Det skal budsjetteres med et driftsresultat som minst er tilstrekkelig til å dekke renter, avdrag og nødvendige avsetninger.*
7. *I årsbudsjettet kan det avsettes midler til bruk i senere budsjettår.*
8. *Departementet kan gi nærmere regler om årsbudsjettet og innstilling til årsbudsjettet. I disse reglene kan det stilles krav om oversikter over inntekter og utgifter for kommunens eller fylkeskommunens samlede virksomhet.*

Føresetnader i Handlingsprogram og økonomiplan 2018 – 2021

Mål og utfordringer

Vaksdal kommune skal ha ein sunn økonomi og gjennom god økonomistyring sikre økonomisk handlingsrom med dei inntektene me har

Langsiktige mål for sunn økonomi

- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter: 1,75 %
- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter: på nivå med landsgjennomsnittet
- Disposisjonsfond minst 10%

I planperioden er dei langsiktige måla under press gjennom reduserte inntekter og behov for tilpassing av utgiftene i samsvar med dette.

Kommunen har mål om eit netto driftsresultat i samsvar med anbefalt nivå for å sikre sunn økonomi over tid. Overskotet er tenkt sett av til investeringar og disposisjonsfond for å takle ubalanse over tid. Netto driftsresultat i 2016 var 4,8 %. Det har vore behov for å gjere kommunen mindre avhengig av inntekter som kan variere mykje frå år til år, dette for å sikre eit føreseieleg tenestetilbod til innbyggjarane.

Netto lånegjeld i kommunen pr 31.12.2016 er 214,8 mill, noko som er 52,2% av brutto driftsinntekter. Landssnittet u/Oslo er 81,6%. Dersom kommunen hadde lagt på landssnittet vil dette innebære ei lånegjeld som er i underkant av 130 mill høgare enn gjelda var pr 31.12.2016. For å ikkje binde for mykje kapital til renter og avdrag er eit mål å ha eit nøkternt nivå på investeringane. Det er eit vedtatt mål at investeringar primært skal redusere driftsnivået eller auke inntektene. Investeringane innan skule i planperioden kan i liten grad innfri det målet.

Disposisjonsfond etter årsoppgjer 2016 er 79,8 mill, noko som er 19,3%. Dette er rekna som eit sunt nivå. Grunna eit stort oppsamla premieavvik er det i seinare år sett av midlar tilsvarende premieavviket til eit amortiseringsfond for å dekke negativt premieavvik, avskrivning og ev tap på verdipapir. Dette fondet utgjer ein stor del av disposisjonsfondet vårt, og justert for amortiseringsfondet er disposisjonsfondet 8,6%. Frå 2014 er netto premieavvik negativ, dvs. utgiftene til nedbetaling av oppsamla premieavvik er større enn tilført premieavvik i året. Desse kostnadane (del av pensjonskostnader) vil auke i åra som kjem. Eit disposisjonsfond som justert for amortiseringsfondet skal utgjere 10% vil tilsvare ei auke på om lag 6 mill ut frå driftsnivå 2016. I sak 45/2017 vart det vedteke at 9,195 mill av overskot i 2016 vart overført til disposisjonsfond for bruk til investeringar i 2018. Justert for dette utgjer disposisjonsfondet om lag 6,3%.

Utfordringar i planperioden

Kommunen står framfor store utfordringar økonomisk i planperioden. Inntektsgrunnlaget vert sterkt svekka dei komande åra og større omstillingar er nødvendig. I planperioden er det venta lav folketalsvekst. Ein større vekst i folketalet noko fram i tid som følgje av veg og bane- utbygginga er eit mål, samstundes vil det auke investeringsbehovet. Kommunen slit i dag med eit stort vedlikehaldsetterslep og behov for investeringar. Lånegjelda er aukande og kommunen har store pensjonsforpliktingar i framtida.

Lågare inntekter

Endringar i inntektssystemet gjer at Vaksdal i mindre grad vert kompensert for smådriftsulemper. Demografiske endringar fører til reduksjon i inntektene. Første året (2017) vart kommunen delvis kompensert gjennom INGAR. Vaksdal er ein skattesvak kommune med inntekter under snittet, i

noko grad vert dette kompensert for med utjamningsmidlar.

Inntekter knytt til kraftproduksjon vert brukt til tenesteyting til innbygarane. Desse inntektene er sterkt redusert som følge av konjunkturar og låge straumprisar. Samla vil endringane krevje store omstillingar og ei rask tilpassing til endra rammevilkår for å halde økonomien i balanse framover. Endringane gir effektar for rammetilskotet, men har sitt motstykke i at det er trong for færre tenester. Tilpassinga av den kommunale organisasjonen til denne utviklinga er starta, men det er trong for auka omstillingstakt for å møte den framtidige økonomiske ramma.

Folketal og demografi

Folketalet i landet aukar og særleg byane veks raskt. SSB legg til grunn middelsvekst for landet framover. Vaksdal har over tid hatt stabilt folketal, i planperioden har vi lagt til grunn litt vekst. Det vert færre eldre over 80 år og barn/unge dei komande 4 åra og kommunen må tilpasse tenestene etter endra behov. Etter 2025 stig talet på eldre som i resten av landet.

Endra behov og nye krav til tenestene

Regjeringa la fram oppgåvemeldinga vinteren 2015 (St.meld.14), i tillegg kjem nye oppgåver og krav i andre føringar t.d. primærhelsemeldinga St.meld. 26 (2014-2015). Vaksdal kommune leverer gode tenester til innbygarane i dag. Med nye oppgåver og spesialiserte tenester aukar kravet til kompetanse og kapasitet i kommunane. Mindre kommunar må truleg samarbeide med andre om fleire tenester enn i dag. I planperioden er det nødvendig å fokusere på kjerneoppgåvene og dempe forventningane til auka tilbod utover det.

Aktivitetar som bidrar til førebygging, tidlig innsats, eigenmestring og god folkehelse skal prioriterast. Dei mest omfattande endringane skjer innafor helse- og omsorgstenestene gjennom prosjektet Lev vel i Vaksdal - Mestring og deltaking heile livet! Her vil også ny bruk av velferdsteknologi spele ein vesentleg rolle. Kommunen må vera ein effektiv organisasjon som utviklar og tar i bruk innovative løysingar.

Fortsatt høgt investeringsnivå

I planperioden vil investeringar som kan redusere driftsnivå i samsvar med reduserte inntekter bli prioritert. Med store prosjekt som Tettaneset og ny skule på Dale er likevel investeringsnivået i perioden svært høgt. Endringane i helse og omsorg vil også krevje investeringar i perioden. Samtidig som vedlikehaldsstrategien skal leggest til grunn for arbeidet med verdibevaring, må utgiftene tilpassast det økonomiske handlingsrommet. Finansiering av verdibevaring for heile bygningsmassen må skje over fleire periodar.

Raskare omstilling for å tilpasse oss rammevilkåra i planperioden

Behovet for raskare omstilling for å tilpasse oss lågare inntekter og reduserte rammer til tenesteyting vil prege perioden. Auka kapitalkostnader og pensjonskostnader skal dekkast inn samtidig som både krav frå myndigheiter og forventningar i samfunnet aukar. Mange kommunar er i same situasjon.

I Perspektivmeldingen frå regjeringa vert det stilt klare krav om prioritering og effektivisering i offentleg sektor herunder kommunane *«der man tidlegare har kunnet imøtekomme etterspørsel på fleire områder samtidig, vil man fremover i større grad måtte prioritere mellom ulike formål. Det kan også bli behov for å nedskalere innsatsen på enkeltområder sammenliknet med i dag»*.



Prognose folketal

I Økonomiplan 2018-2021 legg vi til grunn framskrivingsalternativet «Lav nasjonal vekst». SSB sine framskrivingar legg til grunn at lav nasjonal vekst gir ulik %-endringar for kommunane. I økonomiplanperioden er det naturleg å legge til grunn lav vekst, men vi synleggjer også alternativ Høg vekst fram mot 2030 og 2040.

	2017	Økonomiplanperiode				Lav vekst		Høg vekst	
		2018	2019	2020	2021	2030	2040	2030	2040
0 år	43	43	43	43	43	41	37	58	57
1-5 år	226	229	235	240	237	222	207	310	304
6-15 år	485	485	484	485	497	483	460	615	653
16-19 år	212	208	193	190	165	172	185	179	258
20-66 år	2 378	2 389	2 401	2 372	2 391	2 331	2 270	2 456	2 552
67-79 år	477	484	485	521	531	622	611	646	655
80-89 år	226	224	225	217	209	242	314	268	373
90 år eller eldre	81	81	77	77	73	57	66	83	117
Sum	4 128	4 143	4 143	4 145	4 146	4 170	4 150	4 615	4 969

(folketalsframskrivingar er basert på folketal pr 01.01)

Dette gir følgjande %-vise endringar.

	Økonomiplanperiode				Lav vekst		Høg vekst	
	2018	2019	2020	2021	2030	2040	2030	2040
0 år	0 %	0 %	0 %	0 %	-5 %	-14 %	35 %	33 %
1-5 år	1 %	4 %	6 %	5 %	-2 %	-8 %	37 %	35 %
6-15 år	0 %	0 %	0 %	2 %	0 %	-5 %	27 %	35 %
16-19 år	-2 %	-9 %	-10 %	-22 %	-19 %	-13 %	-16 %	22 %
20-66 år	0 %	1 %	0 %	1 %	-2 %	-5 %	3 %	7 %
67-79 år	1 %	2 %	9 %	11 %	30 %	28 %	35 %	37 %
80-89 år	-1 %	0 %	-4 %	-8 %	7 %	39 %	19 %	65 %
90 år eller eldre	0 %	-5 %	-5 %	-10 %	-30 %	-19 %	2 %	44 %
Sum	0 %	0 %	0 %	0 %	1 %	1 %	12 %	20 %

Dei relative endringane i aldersgruppene seier oss noko om endringar i tenestebehov og tenesteproduksjon i åra som kjem:

- Barnehage: Det er venta auke i tal born 1-5 år i planperioden, men deretter reduksjon mot 2030 og 2040.
- Grunnskule: I planperioden og mot 2030 er det venta små endringar i talet born i alderen 6-15 år. Mot 2040 er det forventa ein reduksjon.
- Eldreomsorg: Aldersgruppa 67-79 aukar, og det er forventa stor auke mot 2030 og 2040. Aldersgruppa 80-89 år har ein forventa reduksjon i planperioden, medan det er auke mot 2030 og stor auke mot 2040. Talet på innbyggjarar over 90 år er forventa å verte redusert i planperioden og fram mot 2030, mot 2040 aukar dette igjen.

Nasjonalt er det forventa større vekst innan dei fleste aldersgruppene, og med desse endringane vil kommunen få redusert utgiftsutjamning som følgje av redusert ressursbehov. Dette synleggjer behovet for rask tilpassing til endra rammevilkår for å halde økonomien i balanse framover.

Inntekter

Rammetilskot og skatt

Rammetilskotet vert påverka av folketalsutvikling, alderssamansetning og andre demografiske forhold samanlikna med landet samla. Kostnadsnøklar vert nytta i utgiftsutjamninga. Målet med utgiftsutjamninga er å sette kommunane i stand til å gje innbyggjarane likeverdige og gode tenester.

Kriteria i kostnadsnøkkelen kan i grove trekk delast opp i tre grupper; alderskriteria, sosiale kriteria og strukturelle kriteria. Alderskriteria og sosiale kriteria seier noko om alderssamansetning og levekårsdata i kommunane som påverkar etterspurnaden etter kommunale tenester. Strukturelle kriterier seier noko om variasjon i kostnadsforhold ved kommunen som kan forklare delar av kommunen sine utgifter, som kommunestørrelse og busettingsmønster.

Det er venta reduksjonar i åra som kjem som følgje av demografiske endringar i kommunen, noko som krev tilpassing til endra behov og rammevilkår. Dersom vi legg SSB sin framskriving til grunn med middels nasjonal vekst frametter, og lav vekst for Vaksdal kommune, viser utrekningar at det i planperioden kan påreknast reduksjonar i rammeoverføringane. Inntektsbortfallet stiller krav til større og raskare endringar for å tilpasse oss nye rammevilkår og redusert behov for tenester.

Inntekter frå vasskraft

Eigedomsskatt er ein kommunal skatt som kommunen nyttar til finansiering av tenestetilbodet. Største delen av eigedomsskatten kjem frå kraftstasjonar, der skattegrunnlaget for komande år kjem frå sentralskattekontoret mot slutten av året. BKK varsla i nye prognoser hausten 2016 ei stor endring i framtidig eigedomsskatt til kommunen. I perioden fram mot 2021 er prognosar at denne vert denne redusert med 9,9 mill. Siste utvikling i kraftprisar og forventta utvikling tilseier at eigedomsskatt frå kraftstasjonar mest sannsynleg vil verte lågare enn det som er antatt tidlegare. Kommunen legg til grunn prognosen frå BKK i økonomiplanperioden. Det er særleg låge kraftprisar med redusert inntening saman med auka kostnader til rehabilitering og vedlikehald som påverkar grunnlaget for eigedomsskatt.

Det er foreslått auka grunnrente for å auke staten sine inntekter som kompensasjon for endringar i skattepolitikken. Med auka grunnrente vert eigedomsskatten i kommunen redusert, sjølv små endringar slår ut på skattedelen frå kraftverk. Kapitaliseringsrenta på eigedomsskatt er ikkje endra og har lagt fast på 4,5 % sidan 2011. Det gir eit lågare skattegrunnlag for kraftverka. Kommunen er av den oppfatning at kapitaliseringsrenta bør følgje utviklinga over tid i rentemarknaden.

For verk og bruk (vasskraftproduksjon) er det maksimal sats på 7 promille. For hus og fritidsbustader er det i dag 5,5 promille. Kommunen skal omtaksere i 2019 med verknad frå 2020. I økonomiplanen legg vi ikkje opp til endringar i eigedomsskattegrunnlaget som følgje av dette.

Kommunen har konsesjonskraft som vert omsett i marknaden. Dette salet har gitt Vaksdal kommune store inntekter som har vorte nytta i drifta. Netto gevinst har variert mykje, og fram mot 2017 vart denne reduserte mykje. For budsjett 2017 vart det inngått kontrakt av sal som gav betydeleg større gevinst enn forventta. Signala er likevel at vi må forvente lave inntekter i åra som kjem, og det er gjort følgjande vedtak i KSAK 100/2016 «Ved gevinst ved sal av konsesjonskraft vert 2/3 av gevinsten overført frå drift til investering og 1/3 av gevinsten vert sett av til disposisjonsfond».

Ved konsesjonar gitt etter industrikonsesjonslova (ikl) eller vassdragsreguleringslova (Vregl) av 1917, pliktar kraftverkseigarane å betale ein årleg avgift til staten og til dei berørte kommunane. Kraftverk bygd etter reglane i vassressurslova frå 2000 kan også bli pålagt å betale **konsesjonsavgift**, viss mildare årsproduksjon er over 40 GWh (vrl § 19). Føremålet med konsesjonsavgifta er både å gje

kommunane ein del av verdiane som blir skapt ved utbygginga og/eller reguleringa, og dels meint som ein kompensasjon for skader og ulemper av allmenn karakter som ikkje blir erstatta på anna måte. Det er NVE som bereknar avgifta som kraftverkseigarane må betale til kommunane. Midlande vert brukt til lokal næringsutvikling (VNS) og ulike stimuleringstilskot. Budsjettet beløp er 3,1 mill pr år i 2018-2021.

Naturressursskatt er ein særskatt for kraftproduksjonsanlegg, og utgjer 1,3 øre/KWh, kor 1,1 øre går til primærkommunen og 0,2 øre til fylkeskommunen. Naturressursskatten sjåast i saman med inntektsskatt frå forskotspliktige, og vert ein del av det statlege inntektssystemet. Dette inngår i sentral skatteordning og vert ikkje påverka av lokal eigedomsskatt.


Renteinntekter og utbytte frå andre selskap

Vaksdal kommune mottar utbytte frå BKK etter eigardelen på 0,37%. Dette har vorte redusert dei seinare åra, og BKK har tidlegare varsla at nivå for utbytte vil vere om lag 1,5 mill for Vaksdal kommune. Utbytte som er motteke i 2017 er i underkant av 1,9 mill. I tillegg er det utbytte frå BiR, Gjensidige og Modalen/Eksingedalen Billag som samla er på om lag 0,5 mill i året. I planperioden vert det lagt opp til eit samla budsjett på 2 mill. Renteinntekter er budsjettet med 0,7 mill.

Avkastning på verdipapir – Aksjar og obligasjonar

Pr 31.12.2016 er kommunen sin portefølje på 90,8 mill. Dei seinare åra har det vore svingingar i avkastning på verdipapir, og i planperioden vert det ikkje budsjettet med avkastning på aksjar. Ei eventuell avkastning i rekneskapsåra vert foreslått overført til fond. Det har tidlegare vore budsjettet med avkastning på obligasjonar, men frå 2017 er det ikkje budsjettet med avkastning. Det vert ikkje budsjettet med avkastning i planperioden.

Vaksdal kommune har over tid hatt inntekter frå aksjar/obligasjonar, premieavvik og premiefond som har medført overskot på botnlinja.



Utgifter

Utgiftsnivået i kommunen har over tid vore høgt sett i forhold til tenestene, og inntekter frå konsesjonskraft, eigedomsskatt og avkastning på aksjar har tidlegare vore brukt til drift.

Kommunal drift går i hovudsak til å produsere og yte velferdstenester som helse og omsorg, grunnskule og barnehagetilbod. Drifta er arbeidsintensiv, og løn og sosiale utgifter utgjør dei største utgiftspostane i kommunale budsjett.

Av samla brutto driftsutgifter bruker Vaksdal kommune relativt mykje på helse og omsorg. Noko av denne forskjellen kan forklarast med fleire eldre, men kommunen har også eit høgt utgiftsnivå når ein justerer for talet på eldre.

Fordeling av rammer i økonomiplan

Rammer vedtekne i økonomiplan 2018-2021 gir følgjande endring i fordeling pr tenesteområde.

Rammer	Budsjett 2017	Øk-plan 2018	Øk-plan 2019	Øk-plan 2020	Øk-plan 2021
Fellesområde Økonomi	28 215	-731	-1 436	-2 187	-2 938
Tenesteområde Helse og omsorg	122 264	-4 194	-11 180	-15 178	-19 174
Tenesteområde oppvekst	71 362	-1 611	-4 910	-7 904	-9 904
Tenesteområde Samfunnsutvikling	39 081	-331	-901	-1 358	-2 310
Sum	260 922	-6 867	-18 427	-26 627	-34 327

Tenesteområda

Oppvekst

I rammene for tenesteområdet oppvekst i handlingsplan-perioden ligg grunnskuletilbod, barnehagetilbod, PPT, barnevernstenesta, helsestasjonen, Vaksdal introcenter og NAV.

I planperioden er det fleire endringar og nye føringar i nasjonale planverk både innan barnehage og skule. Gjennomgåande tema i dei overordna nasjonale planane er folkehelse og livsmestring, demokrati, medborgarskap og berekraftig utvikling.

Læringa framover skal sjåast i lys av at elevane skal ha kompetanse til å tileigna seg og bruka kunnskap og ferdigheiter til å meistra utfordringar og løyse oppgåver i kjende og ukjende samanhengar og situasjonar. Kompetanse inneber forståing og evne til refleksjon og kritisk tenking.

Alle born og unge skal ha gode og trygge barnhage- og skulemiljø i Vaksdal. For å fortsetje den gode trivselen i skular og barnehagar vil me halde fram med å ha fokus på programma DUÅ og PALS.

Mål og strategiar for Oppvekst 2018 -2021

- Vaksdal kommune skal byggje og rehabilitera nye framtidsretta skular på Dale og Vaksdal som innbyr til lærelyst og læring
- Tenesta har tydelege og trygge vaksne som skapar gode relasjonar, læring, engasjement og motivasjon gjennom varierte arbeidsmetodar for å auke læringsutbytte hjå born og unge
- Tenesta auka bruk av teknologi og digitale verkty som støtte til læring og samhandling for kvalitetsutvikling av læring

Helse og omsorg

Tenesteområdet yter helse- og omsorgstenester til innbyggjarar i alle aldrar med fysiske, psykiske og/eller sosiale funksjonsvanskar. Det dreier seg om førebyggjande helsearbeid, råd, rettleiing og tilrettelegging, diagnostisering, behandling og re-/habilitering, aktivisering, pleie og omsorg og bistand.



Planar og strategiar innan helse og omsorg er oppdaterte og samsvarar godt med sentrale føringar og meldingar til kommunane om å satsa på fornying, innovasjon og nye og effektive metodar, t.d. gjennom «Omsorg 2020», «Demensplan 2020» og St. meld. 26 «Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet». Der vert det anbefala å styrka heimetenesta, ta i bruk brukaren sine egne ressursar og samarbeida med pårørande og frivillig sektor. Auka innsats på hab-/rehabilitering og tilrettelegging og bruk av teknologi skal gi betre mestring for den enkelte og betre ressursutnytting. Meir medverknad frå brukarane vert også etterspurt.

Satsingar og delprosjekt under «Lev Vel i Vaksdal» er i tråd med sentrale føringar og lokale styringsdokument og skal realisera strategiane frå «Kommunedelplan helse og omsorg 2015 – 2030», vedteken av kommunestyret i april 2016. Frå å ha sitt fundament innan institusjonsomsorg, vert helse- og omsorgstenestene vridt meir over mot helsefremming, førebygging og rehabilitering med tenester i eigen heim og fokus på brukar sine ressursar og eigenmestring. Tiltak på dei nedste stega i omsorgstrappa skal utviklast.

Mål og strategiar for Helse og omsorg 2018 -2021

Me skal etablera Ressurssenter for demens i Jamneområdet og Helsehus med brukarlab for teknologiske løysingar på Daletunet.

- Utvikla sentra gjennom prosjektprogrammet «Lev Vel i Vaksdal» i tråd med styringsdokument.
- Kunnskapsbasert og innovativ utvikling av tenester og metodar.
- Styrka tverrfagleg samarbeid for å betra pasientforløp og få meir samanheng i tenestene.

Me skal ha fokus på ressursar hjå brukar og jobba helsefremjande, førebyggjande og rehabiliterande.

- Byggja ut tenester på dei nedste stega i omsorgstrappa.
- Kompetanseheving og bevisstgjerjing av tilsette på alle ledd og alle avdelingar.
- Nyttar metodar som kartlegg ressursar og har meir fokus på tidleg innsats og gruppebasert oppfølging.

Me skal fremja og leggja til rette for brukarmedverknad.

- Nyttar eksisterande råd og organisasjonar/grupper for brukarmedverknad på systemnivå.
- Nyttar brukarmedverknad bevisst gjennom prosjektet «Lev Vel i Vaksdal» med delprosjekt og aktivitetar.
- Ha fokus på brukarmedverknad på individnivå i møte med brukarar og pårørande og nyttar metodar som fremjar medverknad.

Me vil nytta omsorgsressursar i samfunnet, stimulera til auka innsats og leggja til rette for samarbeid med frivillige.

- Utvikla samarbeid med frivillige og Frivilligsentral og nytta mogelegheiter for å styrka dette gjennom konkrete samarbeidsprosjekt.
- Leggja til rette for godt samarbeid og god dialog med pårørande, gjennom pårørandemøte og Brukarutval o.a.

Teknologi skal nyttast for at innbyggjarar og brukarar kan oppnå betre mestring og livskvalitet, og for å nytta ressursar på beste måte.

- Auka kunnskap om mogelegheiter og produkt. Gjennom informasjon, Brukarlab, kurs, vidareutdanning, nettverk, prosjekt m.m.
- Tilpassa tenestetilbod etter kvart som nye produkt og metodar vert tekne i bruk.

Samfunnsutvikling

Kommunane står overfor store utfordringar med omsyn til demografiske endringar, klima- og miljø utfordringar og folkehelse. Heilskapleg utvikling krev ei meir samordna bustad-, areal- og transportplanlegging som skal bidra til effektiv arealbruk og eit meir miljøvenleg transportsystem. Utbygging av nye veg og bane gjennom kommunen gjev grunnlag for ei slik utvikling, men er også krevjande med omsyn til plassering av massar og andre konfliktområde. Vaksdal har mykje utpendling i dag og det ligg potensiale for folketalsvekst i raskare og tryggare transportsystem i framtida.



Utbygginga og fortetting i stasjonsbyane er viktig for å realisere vinstane med ny veg og bane. Vaksdal som liten kommune vil ha utfordringar med å skape ei slik utvikling åleine, her er ein avhengig av samarbeid både med nabokommunar og andre offentlege samt private aktørar for å lukkast. Konkurransen med andre område rundt Bergen vil framleis vera stor. Næringslivet i Vaksdal er i utgangspunktet eit relativt lite miljø og det er liten aktivitet innan plan og bygg. Private planar er det få av i kommunen og kommunen har til no ikkje vore attraktiv nok for private utbyggarar. Utbygginga på Tettaneset på Stangehelle er i så måte spanande for å måle interessa frå slike prosjekt i kommunen.

Folketalsauke er ei hovudmålsetjing for kommunen og ligg til grunn for arbeidet med bustadutvikling, næringsutvikling og tenesteutvikling i kommunen fram mot 2040. Rådmannen legg til grunn at kommunen er ein aktiv samfunnsutviklar gjennom:

- godt samarbeid med innbyggjarar og frivillige lag og organisasjonar,
- å jobbe for gode løysingar i arbeidet med statleg plan for ny veg og bane for Arna –Stanghelle,
- utarbeiding av områdeplanar for utvikling av Vaksdal og Stanghelle.



God samfunnsutvikling blir skapt gjennom samspel mellom innbyggjarar, næringsliv, det offentlege og organisasjonslivet i kommunen. Det blømande og mangfaldige kulturlivet i kommunen er eit døme på det. Gjennom å synleggjere og vidareutvikle våre fortrinn kan me auke vår attraktivitet for å skape folkevekst og bulyst her i randsona til byen.

Målsettingar i økonomiplanperioden forankra i verdi og hovudmål i kommuneplanen:

SAMHALD	OPEN	NYSKAPANDE
Vaksdal kommune skal vere ein inkluderande og trygg stad å bu for alle.	Stasjonsbyane Vaksdal, Dale og Stanghelle er attraktive sentra som inviterer til aktivitet.	Vaksdal kommune er proaktiv, og vil vere robust til å handtere dei endringane ein møter.
Støtte til- og samarbeid med eldsjeler og lag organisasjonar om kulturarrangement, turløyper og nærmiljøanlegg.	Oppstart utbygging av Stanghelle vest med akseptabel økonomisk risiko for kommunen.	Auka sambruk i kommunale bygg, nye skulebygg på Vaksdal og Dale.

Budsjett 2018

Økonomiplanen er retningsgjevande for årsbudsjettet. Føresetnader med inntekter og utgifter er oppdatert basert på inntektssystemet, folketal pr 1.7 og andre endringar. Inntektssida i budsjettet for 2018 er svekka ytterlegare både gjennom inntektssystemet og egne inntekter.



Frie inntekter

Dei samla frie inntektene (rammetilskot og skatt) for Vaksdal kommune vert anslått til 257,8 mill i 2018. Nedgang i folketal, endra kriteriedata for kommune, ny kostnadsnøkkel og svak skatteutvikling medfører ein reduksjon i frie inntekter for kommunen frå 2017. Frå 2017 er det ei auke i frie inntekter på 2%, medan 2,6% er rekna som nødvendig for å kunne halde tritt med løns og prisveksten. I tillegg er nye satsingar og oppgåver samt diverse øymerka tilskot er lagt inn i rammetilskotet og skal dekkast av desse midlane. Justert for endra ressursinnsats, auka pensjonskostnader, løns- og prisvekst betyr dette strammare rammer og trong for omstilling i 2018 og åra frametter.

Folketal pr 1.juli	01.07.2016	01.07.2017	Endring	Endring %
2017 ligg til grunn				
for rammetilskotet				
neste år. Vaksdal				
kommune hadde				
1.juli i år 4127				
innbygarar, mot				
4114 pr 01.07.16.				
Innbyggere 0-1 år	100	101	1	1,0 %
Innbyggere 2-5 år	166	182	16	9,6 %
Innbyggere 6-15 år	495	491	-4	-0,8 %
Innbyggere 16-22 år	354	359	5	1,4 %
Innbyggere 23-66 år	2 208	2 213	5	0,2 %
Innbyggere 67-79 år	486	484	-2	-0,4 %
Innbyggere 80-89 år	227	219	-8	-3,5 %
Innbyggere 90 år og over	78	78	-	0,0 %
Innbyggere ialt	4 114	4 127	13	0,3 %

Rammetilskot og utgiftsutjamning utgjer 140,4 mill og skatt inkl. inntektsutjamning utgjer 117,4 mill.

Vaksdal kommune mottar ikkje i dag andre skjønsmidlar enn dei som vert tildelt gjennom Fylkesmannen. Skjønsmidlar er budsjetterte med 0,9 mill. Distriktstilskot utgjer 4,5 mill i 2018 og er ikkje justert for løns-og prisvekst i statsbudsjettet.

Utgiftsutjevninga vert noko auka for Vaksdal kommune, då kostnadsindeksen vert auka frå 1,1605 til 1,1681. Det er spesielt auke i talet på born 2-5 år som medfører auka utgiftsutjamning.


Andre inntekter

Eigedomsskatt

Sats for eigedomsskatt for private hus og fritidsbustader vart auka med 2 promille frå 2017 og utgjør ei auke på 4 mill. Av dette går 2 mill til styrking av drifta og 2 mill vert overført frå driftsbudsjett til investeringsbudsjett og demping av låneopptak.

Omsetning siste 5 år ligg til grunn for eigedomsskatt. Førsetnadene som ligg inne i økonomiplanen er basert på BKK sine tidlegare prognoser vurdert opp mot siste utvikling i kraftmarknaden.

Prognosen viser at det kan forventast store reduksjonar frå 2017-nivået. Endringa vil vere svært tydeleg frå 2018, med ein reduksjon på omlag 4,2 mill. I perioden fram mot 2021 er prognosen at denne vert redusert med 9,9 mill.



I tillegg er det i Statsbudsjettet lagt opp til endring i grunnrente som påverkar eigedomsskatten for kommunen. Kva effekten vert for kommunen er vanskeleg å berekne, men det vert lagt til grunn ein ytterlegare reduksjon på 1 mill frå 2018.

Store innstrammingar i regelverket for eigedomsskatt

- Regjeringa foreslår å fjerne eigedomsskatt på verk og bruk frå 2019. Departementet anslår at forslaget vil gje eit samla inntektstap for kommunane på omlag 800 mill. kroner ved full ikraftsetjing. Regjeringa foreslår at endringane ikkje vil gjelde for vasskraftanlegg og vindkraftanlegg, men Regjeringa bekreftar at forslaget vil innebære at nettanlegg i all hovudsak blir fritatt for eigedomsskatt. Det same gjeld for teleanlegg og anna infrastruktur. Kategorien verk og bruk er foreslått fjerna og for næringsseigedomar vert det presisert at produksjonsutstyr og -installasjonar ikkje skal skattleggast.
- Regjeringa foreslår at skattesatsen skal vera ein promille det første året eigedomsskatt vert utskriven og at skattesatsen berre kan aukast med ein promille frå år til år (mot to i dag).
- Regjeringa foreslår endringer i kommunene sin adgang til å skrive ut eigedomsskatt på produksjonslinjer i kraftanlegg.

Andre forslag som reduserer kommunen sine kraftrelaterte inntekter

- Auke i grunnrenta som påverkar fordeling av skatteinntekter for kraftverk mellom stat og kommune. Grunnrenta er no auka kvart år slik at den reduserer kommunane sine inntekter til fordel for staten.
- Kapitaliseringsrenta vert halde uendra på 4,5 %
- Kommunane får ikkje innsyns- og klagerett på skattegrunnlaget for eigedomsskatt. Tidlegare rettssaker i kraftkommunar har avdekkja feil i grunnlaget som reduserer eigedomsskatten.

Sal av konsesjonskraft

Kommunen har konsesjonskraft som vert seld i kraftmarknaden. I økonomiplanen er det lagt til grunn at det ikkje vert overskot ved sal av konsesjonskraft grunna forventta låge salsprisar og auka innmatingsavgift. Gevinsten har vorte sterkt redusert over tid, i 2017 løfta kraftprisen seg uventa i ein kort periode og gav betre gevinst. Krafta er ikkje seld for 2018 enda, men det er budsjettert med 26,4 øre og ca 4,1 mill til redusert låneopptak i 2018.

Sal av konsesjonskraft siste år synleggjer også kva eigedomsskatt frå vasskraftverk som kan forventast i dei nærmaste åra.



Konsesjonsavgift

Inntekter frå konsesjonsavgift er budsjettert med 3,1 mill i 2018, og vert overført til bundne fond. Føremålet med konsesjonsavgifta er både å gje kommunane ein del av verdiane som blir skapt ved utbygginga og/eller reguleringa, og dels meint som ein kompensasjon for skader og ulemper av allmenn karakter som ikkje blir erstatta på anna måte. Det er NVE som bereknar avgifta som kraftverkseigarane må betale til kommunane. Midlande vert brukt til lokal næringsutvikling (VNS) og ulike stimuleringsstiltak.

Inntekter frå fond

Frå Næringsfondet tek vi inn samla 1.675.000,-. Til drift av Vaksdal Næringssekskap går 1 mill, kr 300.000,- går til etableringsstiltak og kr 375.000,- går til renter og avdrag.

Renteinntekter og utbytte

BKK har tidlegare varsla at utbytte vert redusert frå tidlegare år, og at vi kan leggje til grunn samla utbytte på 400 mill i 2017. Ut frå kommunens eigarbrøk på 0,37% vert dette omlag 1,5 mill. I tillegg har kommunen utbytte frå Modalen/Eksingedalen Billag, Bir og Gjensidige på om lag 0,5 mill årleg. Renteinntekter vert om lag 0,7 mill.

Avkastning på verdipapir - Aksjar og obligasjonar

Pr 31.08.2017 er kommunen sin portefølje samla 93,6 mill. Dei siste åra har avkastninga vore positiv for kommunen, og pr 31.08.2017 er avkastninga betre enn benchmark. Prognosane framover i perioden er usikre og avheng av fleire faktorar som t.d. storleiken på eigen portefølje og utviklinga i verdensøkonomien. I økonomiplan 2018-2021 er det lagt til grunn at det ikkje skal budsjetterast med avkastning på verdipapir.

Pr 31.08.2017 er porteføljen sett saman slik:

AKTIVAKLASSE	MARKEDSVERDI NOK	I PROSENT
Bankinnskudd	3 157 414	3 %
Sertifikat/obligasjonar	76 760 586	82 %
Aksjer	13 640 771	15 %
Totalt	93 558 771	100 %

Brukarbetaling og gebyrinntekter

Det vert lagt opp til ei generell prisauke på 5% om anna ikkje er særskilt nemnt i budsjettsaka. Vatn- avlaup og renovasjon (VAR) er sjølvkostområde og gebyra skal dekke utgiftene. Satsane for gebyr innafor VAR-området vert lagt fram i budsjettsaka.

Utgifter

Renter og avdrag

Renter og avdrag er budsjettert ut frå investeringsbudsjett 2018. Renteutgiftene er budsjettert med eit rente på 2,45% i 2018, og veksande til 4% mot slutten økonomiplanperioden. Lavt rentenivå kan forventast i 2018, og kommunen har ein kombinasjon av faste og flytande renter som gjer oss lavare renter enn tidlegare år.

Overført frå drift til investering

Det vert overført 2 mill av den auke eigedomskatten som vart innført i 2017 frå drift til investering for å redusere låneopptak tilsvarande. I tillegg vert 2/3 av forventa gevinst på sal av konsesjonskraft overført frå drift til investering, dette utgjer 4,118 mill ved ein salspris på 26,4 øre.

Pr 31.12.2016 var gjelda 52% av brutto driftsinntekter. Kommunen klarar ikkje å halde seg under målsetjinga på 50%, og det er viktig å bruke meir av driftsmidlane til å finansiere investeringane.

Skjema

Budsjettskjema 1A – drift gir ei samla oppstilling av frie disponible inntekter, renter og avdrag, avsetningar, og kva som er fordelt til investering og drift.

Budsjettskjema 1A - drift	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Skatt på inntekt og formue	100 840	100 000	101 900
Ordinært rammetilskudd	147 839	147 027	155 900
Skatt på eiendom	33 134	34 000	31 800
Andre direkte eller indirekte skatter	3 353	3 100	3 100
Andre generelle statstilskudd	3 223	0	0
Konsesjonskraft			6 179
Sum frie disponible inntekter	288 389	284 127	298 879
Renteinntekter og utbytte	3 504	2 720	2 720
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	8 852	0	0
Renteutg., provisjoner og andre fin.utg.	4 989	8 202	9 202
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	4 622	0	0
Avdrag på lån	13 800	14 700	16 600
Netto finansinnt./utg.	-11 055	-20 182	-23 082
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	0	0	0
Til ubundne avsetninger	1 700	11 395	2 059
Til bundne avsetninger	3 600	3 100	3 100
Bruk av tidligere regnks.m. mindreforbruk	1 479	11 195	0
Bruk av ubundne avsetninger	0	0	0
Bruk av bundne avsetninger	1 721	1 675	1 675
Netto avsetninger	-2 100	-1 625	-3 484
Overført til investeringsbudsjettet	962	7 300	6 118
Til fordeling drift	274 272	255 020	266 195
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	262 651	255 020	266 195
Mer/mindreforbruk	11 621	0	0

Vaksdal kommune har som mål at netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter skal vere 1,75%. Med sal av konsesjonskraft kjem kommunen over dette målet, budsjett for 2018 gir eit netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter på 2,3%.

Budsjettskjema 1B – driftsbudsjettet viser nettoløyving per rammeområde
Skjemaet er utgangspunkt for økonomistyringa

Budsjettskjema 1B	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Fellesområde økonomi	27 948	28 215	28 665
Tenesteområde Helse og omsorg	111 098	111 319	111 053
Tenesteområde Oppvekst	84 908	82 254	85 240
Tenesteområde Samfunnsutvikling	38 697	39 134	41 237
Sum	262 651	260 922	266 195

Vaksdal kommune Rådmanns framlegg til budsjett 2018

Økonomisk oversikt - drift	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Driftsinntekter			
Brukerbetalinger	18 168	17 253	19 596
Andre salgs- og leieinntekter	25 946	22 380	22 006
Overføringer med krav til motytelse	51 351	32 314	28 193
Rammetilskudd	147 839	147 027	155 900
Andre statlige overføringer	19 971	10 715	14 514
Andre overføringer	12 110	18 250	17 127
Skatt på inntekt og formue	100 840	100 000	101 900
Eiendomsskatt	33 134	34 000	31 800
Andre direkte og indirekte skatter	3 353	3 100	3 100
Sum driftsinntekter	412 712	385 040	394 136
Driftsutgifter			
Lønnsutgifter	199 559	194 386	194 940
Sosiale utgifter	58 060	65 299	60 716
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	60 853	61 116	63 797
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	36 765	31 215	34 682
Overføringer	29 204	15 384	11 919
Avskrivninger	16 797	16 000	17 000
Fordelte utgifter	-1 535	-10 476	-3 990
Sum driftsutgifter	399 703	372 924	379 066
Brutto driftsresultat	13 010	12 116	15 070
Finansinntekter			
Renteinntekter og utbytte	3 504	2 720	2 720
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	8 852	0	0
Mottatte avdrag på utlån	121	60	60
Sum eksterne finansinntekter	12 477	2 780	2 780
Finansutgifter			
Renteutgifter og låneomkostninger	4 989	8 202	9 202
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	4 622	0	0
Avdrag på lån	13 800	14 700	16 600
Utlån	0	0	0
Sum eksterne finansutgifter	23 412	22 902	25 802
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-10 935	-20 122	-23 022
Motpost avskrivninger	16 797	16 000	17 000
Netto driftsresultat	18 872	7 994	9 048
Interne finanstransaksjoner			
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	1 479	11 195	0
Bruk av disposisjonsfond	20	0	0
Bruk av bundne fond	4 594	2 681	2 304
Sum bruk av avsetninger	6 093	13 877	2 304
Overført til investeringsregnskapet	1 407	7 300	6 118
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0	0	0
Avsatt til disposisjonsfond	4 586	11 395	2 059
Avsatt til bundne fond	7 776	3 175	3 175
Sum avsetninger	13 769	21 870	11 352
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	11 195	0	0

Investeringar

Gjeldande investeringsplan er lagt til grunn og rullert i økonomiplanperioden. Kapitalbudsjett for 2018 er i samsvar med vedteken Økonomiplan 2018 – 2021.

Kostnadsramme for Dale barne- og ungdomskule var ikkje kjent når økonomiplan vart vedtatt, men investeringstrong for bygg for oppvekst i perioden ser ut til å vere mellom 300 – 330 millionar kroner mot 215 millionar kroner i gjeldande økonomiplan. Auken i investeringsramma for skulebygg vert utfordrande for kommunen. Ein vil kome attende til konsekvensar for økonomien frametter ved neste rullering av økonomiplanen.

Trong for investering i 2018 for bygg for oppvekst / Dale barne- og ungdomskule er justert ned med 9,2 millionar kroner medan investeringar i kommunale bygg er justert opp med 1,5 millionar kroner i høve til økonomiplan. Samla vert då investeringsramma for 2018 justert ned med 7,7 millionar kroner til 94,95 millionar kroner.

Tiltak på investeringsplan 2018

Felles økonomi

Generell pott til investeringar i kyrkja og midlar til IKT-investeringar/digitalisering er vidareført. Det er sett av midlar til forprosjekt for utbetring og utviding av gravplassen på Dale.

Helse og omsorg

Det er lagt inn 8 mill kroner til prosjektet for omlegging av helse- og omsorgstenestene og ombygging (Lev Vel I Vaksdal). Ein vil starte med bygging av to pilotbustader for menneske med kognitiv svikt på Jamne, oppgradering av fellesstova i Elvavegen bufellesskap samt forprosjekt for ressurscenter på Vaksdal. Det er aktuelt å nytte Husbanken sine låne- og tilskotsordningar til dette prosjektet.

Oppvekst

Det er sett av midlar til oppstart bygging av ny barne og ungdomskule på Dale samt planlegging av tilbygg for Vaksdal skule. Vidare er det sett av midlar til etablering av oppveksttun ved Stamnes skule med opprusting av skulen med nye garderober med meir. Generell pott til opprusting av uteområde er vidareført.

Samfunnsutvikling

Det er budsjettet med 25 millionar i investeringar til kommunale bygg. Desse er disponert med 7 mill kroner til ombygging og oppgradering av 1-3 etasje i heradshuset. 13,5 mill kroner til 1 byggetrinn av bustader på Jamne med til saman 9 husvære. Prosjektet er tenkt utført som totalentreprise basert på utført forprosjekt. Vidare er det sett av 0,5 mill kroner til Enøk-tiltak i kommunale bygg samt 3,5 mill kroner til brannsprinkling av omsorgsbustader på Dale (Fabrikkvegen 2).

Oppstart utbygging av infrastruktur Tettaneset er finansiert tidlegare.

Generell pott til møteplassar / grøntanlegg / nærmiljø samt samferdsel og rastiltak er vidareført.

For plan og geodata er det sett av 0,2 mill kroner til fullfinansiering av digitalisering av manuelt kart- og byggesaksarkiv slik at dei vert tilgjengeleg for innbyggjarane. Det er sett av 1 mill kroner til kjøp av tenester i samband med områdeplan for Vaksdal og same beløp for områdeplan Stanghelle.

For Brannvern er det sett av midlar til ny brannbil på Vaksdal. Forprosjekt for ny brannstasjon vert å utføre i fyrste halvår av 2018 då ein må vente på avklaring med omsyn til løysingar for ny veg og bane.

Innan vatn og avlaup (sjølvkost) er avløpssanering Vaksdal lagt inn. Oppstart bygging av Vaksdal vassverk er finansiert tidlegare.

KAPITALBUDSJETT	BUD. 2018	ØPL. 2019	ØPL. 2020	ØPL. 2021
INVESTERINGSUTGIFTER				
FELLES ØKONOMI - SENTRALT BUDSJETTERT				
Ikt- og datasikkerhetsløyising	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000
Kyrkja - investering		1 700 000	1 700 000	200 000
Kyrkja - investering ikkje disponert	200 000			
Kyrkja - gravplass på Dale	1 000 000			
HELSE OG OMSORG				
Prosjekt Demenssenter/helsehus		8 000 000	8 000 000	4 000 000
Prosjekt Demenssenter/helsehus - utstyr	2 000 000			
Prosjekt Demenssenter/helsehus -bygg	6 000 000			
Prosjekt: Innovasjon i omsorg	300 000	300 000	300 000	300 000
OPPVEKST				
Investeringar bygg for oppvekst		85 500 000	70 500 000	2 000 000
Dale barne- og ungdomskule	35 000 000			
Tilbygg Vaksdal skule	6 000 000			
Stamnes skule og oppveksttun	6 800 000			
Opprusting uteområde skular/barnehagar	200 000	200 000	200 000	200 000
SAMFUNNSUVIKLING				
Investeringar kommunale bygg		5 000 000	5 000 000	20 000 000
Ombygging Heradshuset (1-3 etg)	7 000 000			
Bustader Jamne, netto investering	13 500 000			
Sprinkleranlegg omsorgsbustader Dale	3 500 000			
Enøk-tiltak kommunale bygg	500 000			
Kommunale bygg, ikkje disponert	500 000			
Stanghelle Vest - Tettanaset bustadområde				9 500 000
Møteplassar / grøntanlegg / nærmiljø / trafikksikring		500 000	500 000	500 000
Andre møteplassar / grøntanlegg / nærmiljø	300 000			
Trafikksikringstiltak	200 000			
Samferdsel og rastiltak		350 000	1 150 000	350 000
Oppgradering kommunale vegar	200 000			
Opprusting kaier	600 000			
Oppgradering kommunale bruer	600 000			
Prosjekt rassikring:	150 000			
Plan og geodata		1 200 000	700 000	200 000
Digitale kartverk/arkiv	200 000			
Områdeplan Vaksdal	1 000 000			
Områdeplan Stanghelle	1 000 000			
Brannvern		0	0	0
Brannbil Vaksdal	4 000 000			
Vassforsyning, sjølvkost	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Avlaup, sjølvkost	1 500 000	7 500 000	9 500 000	1 500 000
SUM INVESTERINGAR	94 950 000	112 950 000	100 250 000	41 450 000

Finansiering

Pr 31.12.2017 vil Vaksdal kommune ha om lag 319,2 mill i lånegjeld.

Investeringsrekneskapen er budsjettetert med tal inkl MVA. Momskompensasjon for investeringar vert ført direkte i investeringsrekneskapen, og påverkar ikkje drifta i 2018. Det er rekna inn 18,99 mill i momskompensasjon og 3 mill frå sal av anleggsmiddel (eigedom). Overført frå drift utgjer 2 mill og bruk av fond er 5 mill. I tillegg vert 9,195 overført frå årsoverskot i 2016, og overføring frå sal av konsesjonskraft er berekna til 4,1 mill kalkulert med ein salspris på 26,4 øre/kWh. Dette reduserer låneoptak tilsvarande.

Budsjettskjema 2A – investering viser summen av investeringane og korleis dei er finansiert.



Budsjettskjema 2A - investering	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Investeringer i anleggsmidler	21 707	65 150	94 950
Utlån og forskutteringer	3 279	2 000	2 000
Kjøp av aksjer og andeler	1 156	0	0
Avdrag på lån	2 948	1 400	1 400
Dekning av tidligere års udekket	0	0	0
Avsetninger	5 166	0	0
Årets finansieringsbehov	34 256	68 550	98 350
Finansiert slik:			
Bruk av lånemidler	19 874	36 020	54 647
Inntekter fra salg av anleggsmidler	854	3 000	3 000
Tilskudd til investeringer	1 100	0	0
Kompensasjon for merverdiavgift	2 799	12 930	18 990
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	4 745	1 400	1 400
Andre inntekter	497	0	0
Sum ekstern finansiering	29 868	53 350	78 037
Overført fra driftsbudsjettet	1 407	7 300	6 118
Bruk av tidligere års udisponert	0	0	0
Bruk av avsetninger	2 980	7 900	14 195
Sum finansiering	34 256	68 550	98 350
Udekket/udisponert	0	0	0

Økonomisk oversikt - investering	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Inntekter			
Salg av driftsmidler og fast eiendom	854	3 000	3 000
Andre salgsinntekter	497	0	0
Overføringer med krav til motytelse	1 291	0	0
Kompensasjon for merverdiavgift	2 799	12 930	18 990
Statlige overføringer	700	0	0
Andre overføringer	400	0	0
Renteinntekter og utbytte	0	0	0
Sum inntekter	6 540	15 930	21 990
Utgifter			
Lønnsutgifter	817	0	0
Sosiale utgifter	276	0	0
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	17 518	64 950	94 950
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	0	0	0
Overføringer	3 096	200	0
Renteutgifter og omkostninger	0	0	0
Fordelte utgifter	0	0	0
Sum utgifter	21 707	65 150	94 950
Finansstransaksjoner			
Avdrag på lån	2 948	1 400	1 400
Utlån	3 279	2 000	2 000
Kjøp av aksjer og andeler	1 156	0	0
Dekning av tidligere års udekket	0	0	0
Avsatt til ubundne investeringsfond	2 371	0	0
Avsatt til bundne investeringsfond	2 796	0	0
Sum finansieringstransaksjoner	12 549	3 400	3 400
Finansieringsbehov	27 715	52 620	76 360
Dekket slik:			
Bruk av lån	19 874	36 020	54 647
Salg av aksjer og andeler	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	3 454	1 400	1 400
Overført fra driftsregnskapet	1 407	7 300	6 118
Bruk av tidligere års udisponert	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	1 341	500	9 195
Bruk av bundne driftsfond	1 639	0	0
Bruk av ubundne investeringsfond	0	7 400	5 000
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0
Sum finansiering	27 715	52 620	76 360
Udekket/udisponert	0	0	0


Renter og avdrag utgjer 27,2 mill i 2018. Renteutgiftene er budsjettert med eit rente på 2,45% i 2018, og veksande til 4% mot slutten økonomiplanperioden. Lånegjeld pr 31.12.2018 vil vere 355,9 mill.

	BUDSJETT 2018	ØPL. 2019	ØPL. 2020	ØPL. 2021	SUM 2018- 2021
Bruk av formidlingslån	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000	8 000 000
Bruk av lån m/rentekomp. Skule/kyrkje	-	-	-	-	-
Bruk av ordinære lån	52 654 563	80 360 000	70 200 000	23 160 000	226 374 563
Samla låneopptak	54 654 563	82 360 000	72 200 000	25 160 000	234 374 563
Sal av fast eigedom	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	12 000 000
Frå fond	14 195 437	5 000 000	5 000 000	5 000 000	29 195 437
Frå drift	6 110 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000	12 110 000
Frå MVA	18 990 000	22 590 000	20 050 000	8 290 000	69 920 000
Lån IB	319 219 040	355 873 603	417 333 603	466 333 603	
Lån IB + nytt låneopptak	373 873 603	438 233 603	489 533 603	491 493 603	
Avdrag	16 600 000	19 500 000	21 800 000	21 800 000	79 700 000
Avdrag formidlingslån	1 400 000	1 400 000	1 400 000	1 400 000	5 600 000
Sum avdrag	18 000 000	20 900 000	23 200 000	23 200 000	85 300 000
Lånegjeld etter avdrag	355 873 603	417 333 603	466 333 603	468 293 603	
Renteutgifter gamle og nye lån	9 200 000	14 600 000	16 300 000	19 700 000	59 800 000

I budsjett 2018 er det føresett ei budsjettrente på 2,45%. Avhengig av rentenivå vil samla renter og avdrag auke med 10,9 mill frå budsjett 2017 til budsjett 2021, gitt uendra rentenivå i heile perioden. Dersom det vert auka renter mot 4% i slutten av perioden gir dette ei samla auka utgiftsnivå på 18,6 mill i forhold til budsjett 2017.



Utvikling av renter og avdrag over tid viser auka avdrag, medan rentene ikkje har auka i same takt som følgje av synkande rentenivå. Tala for 2016 viser budsjetterte beløp.



Fond

Fondstype	31.12.2012	31.12.2013	31.12.2014	31.12.2015	31.12.2016
Disposisjonsfond	46 678 646	56 539 011	67 533 681	67 423 402	79 843 866
Bundne driftsfond- k.to 2.51	24 539 031	28 350 136	37 198 718	37 079 499	40 262 063
Ubundne investeringsfond – k.to 2,53	70 353 178	42 143 911	39 786 674	39 561 643	41 932 470
Bundne investeringsfond – k.to 2.55	6 275 883	8 488 193	4 007 774	4 629 879	5 786 471
Totalt fond pr. 31/12	147 846 738	135 521 251	148 526 846	148 694 423	167 824 870

Av disposisjonsfondet er omlag 11,6 mill knytt til Flyktningefondet, 21,8 mill er driftsfondet og 44,5 mill er avsett til amortiseringsfondet.

Premieavvik er differansen mellom årets betalte pensjonspremier og beregnet pensjonskostnad. Kommunesektorens *pensjonspremier* skal dekke dei auka pensjonspliktingane som har påløpt i løpet av året og vert berekna etter ordinære aktuarmessige prinsipp. Den betalte premien vil mellom anna avhenge av avkastninga pensjonsleverandøren oppnår på pensjonsmidlane og lønsveksten rekna med utgangspunkt i lønsnivået ved utgangen av året. Premiane kan derfor svinge frå år til år. Premieavviket pr 31.12.2016 er 43,8 mill. Premieavviket må betalast ned med ulike satsar etter kva år det har oppstått i. For premieavvik som er oppstått frå 2014 skjer nedbetaling over 7 år.

Det betyr at det er innbetalt 43,8 kroner meir i pensjonspremie enn det som er kostnadsført i driftsregnskapet. Oppbygging av fondsreserver til dekning av framtidige premieavvik er en måte for kommunane til å motverke svekking av likviditeten. Fleire kommunar har eller planlegg slike fond.

KS sin økonomiavdeling skriver «Helt generelt er det å ha et disposisjonsfond øremerket premieavvik en trygg og god investering for den usikkerheten som ellers ville ha vært der uten et slikt fond».

I kva grad staten vil kompensere for auke i pensjonskostnaden framover er det usikkerheit om. I Kommuneproposisjonen for 2018 står det: «Departementet vil understreke at kommuner og fylkeskommuner har et selvstendig ansvar for pensjon, som er en del av lønns- og avtalevilkårene i kommunesektoren».

Strategiske val og endringar i drifta

Kommunen har tatt strategiske vegval og møter utfordringane med innovasjon og nyskaping. Dette er i samsvar med eit av hovudmåla i den nye kommuneplanen «Vaksdal kommune er proaktiv, og vil vere robust til å handtere dei endringane ein møter». Kommunestyret har vedtatt framtidretta mål og strategiar for dei neste ti åra. Dette vert fylgt opp i delmål og tiltak i komande planperiode og vidare i seinare rulleringar. Samhald, nyskapande og open er verdiane vi skal bygge framtida på.

Deltaking og mestring er viktig for livskvalitet og helse. Kommunen skal bidra til god folkehelse gjennom utvikling og tilrettelegging av samfunnet slik at den enkelte kan ta gode val. Gjennom tidleg innsats, trivsel og mestring i barnehage og skule, tilrettelegging for fysisk aktivitet og for deltaking i frivillig arbeid, trygge lokalsamfunn, aktivitet og deltaking i samfunnet skal me bidra til å fremje mestring og god helse.

Sjølv ein mindre kommune kan drive med forskning og innovasjon, det er prosjektet «Lev Vel i Vaksdal» eit godt døme på. Helse og omsorg i Vaksdal får med rette merksemd og ros for å gå føre for å utvikle nye metodar, bruke moderne teknologi smart, og ta i bruk stor grad av medverknad og dialog med brukarar og pårørande mv. Ideen tok form under arbeidet med OU-prosjektet og har resultert i eit nyskapande og framtidretta utviklingsarbeid i tenestene.

Effektiv og målretta ressursbruk vert stadig viktigare for å løyse oppgåvene. Å prioritere dei viktige tinga, bruke teknologien, tenke smart og nyskapande er stikkorda for ei berekraftig samfunnsutvikling som sikrar livskvalitet og livsgrunnlag i dag og i framtida.

Økonomisk har Vaksdal krevjande år med lågare inntektsgrunnlag og omstillingsbehov. Samtidig er investeringsbehovet aukande. Gjennom tilstandsvurderingane av kommunale bygg og vegar er det dokumentert store etterslep på vedlikehald. Utbygging av K5 gir nye mogelegheiter for vekst i stasjonsbyane, men det kravst «økonomiske musklar» for å realisere visjonane. Vekst i folketalet er etterlengta, men vil også krevje nye investeringar i t.d. barnehagar, skular mv. Investering i ny skule på Dale er eit stort løft for ein kommune på vår størrelse og rådmann er uroa for ei monaleg stor auke i lånegjelda utan at investeringa skal redusere driftskostnader i særleg grad. Konsekvensane for opplæringstilbodet og andre tenester kan på sikt bli negative.

Dei største utfordringane i planperioden vil etter rådmannen si vurdering vera å

- Gjere viktige vegval for å tilpasse oss til endra behov, rammevilkår og forventningar
- Viktige investeringsavgjerder som har stor betydning for kommunen sin økonomi, folketalsutvikling og tenesteproduksjon
- Gjennomføre strategiane samstundes som me har god kvalitet og godt arbeidsmiljø i dagleg drift
- Sikre at me utnytter potensialet i eigne inntekter maksimalt

Dette vil krevje arbeid og samarbeid på alle nivå i administrasjonen, og det vil krevje eit godt samarbeid mellom politisk nivå og administrasjonen. God kommunikasjon, informasjon og dialog vil vere viktig både i eigen organisasjon og i høve innbyggjarane. I dette handlingsprogrammet ønskjer me å realisere viktige mål for samfunnet innafor dei rammene kommunen rår over.

Organisasjon

Kommuneorganisasjonen er den største arbeidsplassen i Vaksdal. Om lag 450 personar fordelt på om lag 320 årsverk inkludert vikarar har kommunen som arbeidsgjevar. Menneska som arbeider her er vår viktigaste ressurs. Mange fagprofesjonar og yrkesgrupper er representert for å løyse kommunen sitt mangfald av oppgåver.

Overordna mål og strategiar

Visjon og verdigrunnlag: Gjennom arbeidet med kommuneplanen er det utarbeida visjon og verdiar for kommunen. Verdiane skal liggje til grunn for kommunen sine val og målsetjingar. Vår visjon er «bynært bygdelig». Overordna verdiar er uttrykt som «Nyskapande – Open – Samhald».

Gjennom organisasjonsutviklingsarbeidet (OU) arbeidde heile kommuneorganisasjonen med felles verdiar og valde «respekt – tillit – kompetanse – løysingsorientert». Desse verdiane høver godt inn under våre overordna verdiar fastsett i kommuneplanen.


Visjon, verdiar, etikk og samfunnsansvar utgjer ei felles plattform. Administrasjonsutvalet har satt i gang rullering av arbeidsgjevarpolitikken i 2017.

Mål og strategiar for organisasjonen

- Vaksdal kommune skal ha ein sunn økonomi og gjennom god økonomistyring sikre økonomisk handlingsrom med dei inntektene me har
- Me møter innbyggjarane med dialog og profesjonalitet
- Me arbeidar systemisk og heilskapleg for å gje rett teneste til rett nivå til rett tid til lågast mogeleg kostnad
- Me legg vekt på lokal identitet og kultur i samfunnsutvikling og tenesteyting
- Me har det godt på jobb og er stolte av kommunen vår

Strategisk leiing og fellesfunksjonar

Vaksdal kommune er organisert i to nivå med rådmann, stab og 4 resultateiningar.



Omsynet til samordning, effektiv oppgåveløysing og kvalitet for brukarane ligg til grunn for organiseringa. Organiseringa skal ivareta krav til rolledeling og gjennom det sikre god internkontroll. Godt leiarskap er avgjerande for å hente ut potensialet i organisasjonen og god leiing er avgjerande for innovasjon og utvikling.

Både strategisk leiing på rådmanns nivå og operativ leiing på einingsleiarnivå er noko redusert i 2017. Prioritering av større utviklingsoppgåver ligg til grunn. I ei utfordrande tid for kommunen er det viktig å finne rett nivå for strategisk og operativ leiing for å sikre tilstrekkeleg kapasitet, kompetanse og endringskraft balansert mot økonomi.

For kommunen sine fellesfunksjonar/stab er kapasiteten avgrensa og sårbar, ulike samarbeid om oppgåveløysing med andre kommunar kan verta aktuelt i planperioden. Også for andre små og sårbare fagmiljø kan dette verta aktuelt. Auka lovkrav til kompetanse og kapasitet forsterkar ei slik utvikling.

Ein handlekraftig organisasjon fangar opp og responderer hurtig på behovsendingar, styrer etter fellesskapets beste løysningar og er god på intern og ekstern samhandling.

Omstilling og endring

Alle organisasjonar er i stadig endring. Endringstakten i samfunnet aukar og stiller nye krav til oss. Det skal gjennomførast tilpassingar til reduserte budsjettrammer og effektivisering av tenestetilbodet i alle einingar og på alle nivå. Arbeidet vil krevje gode leiarar, medverknad frå tilsette, samarbeid med tillitsvalde og aktiv stabsstøtte i gjennomføringa. Tiltak som har potensiale i form av reduserte kostnader eller som frigjer ressursar til kjerneoppgåver vil bli prioritert.

Det er viktig at organisasjonen har kompetanse og gode system når ein gjennomfører endring og omstilling. Her er kommunen sine rutinar for omstilling og eit formalisert og godt samarbeid med arbeidstakarorganisasjonen viktige verktøy for å sikre at prosessane blir gjennomførde på ein god og korrekt måte.

Det skal gjennomførast tilpassingar til reduserte budsjettrammer og effektivisering av tenestetilbodet i alle einingar og på alle nivå. Dette vil krevje tilstrekkeleg leiarkraft, medverknad frå tilsette, samarbeid med tillitsvalde og aktiv stabsstøtte i gjennomføringa.

Kvart år i planperioden vil tal årsverk verta redusert som følgje av endra rammevilkår. Sjølv om reduksjon i antal årsverk så langt som mogeleg skal skje gjennom naturleg avgang og utan oppseiingar, vil mange kunne få endring i arbeidssituasjonen. Rådmann vil legge til rette for så gode løysingar som mogeleg for dei som vert råka.

Kommunen som arbeidsgjevar

Kommunesektoren skal møte framtidens behov og endringane som skjer i samfunnet. Dette krev ein nyskapande og endringsdyktig organisasjon med gjennomføringskraft til å utvikle tenester og arbeidsformer. For å lukkast er det avgjerande å ha motiverte og engasjerte medarbeidarar med riktig kompetanse.

Vårt overordna mål for arbeidsgjevarpolitikken er definert som

- Vaksdal kommune er ein attraktiv arbeidsgjevar
- Vaksdal kommune er ein nyskapande, dynamisk og lærande organisasjon



Det er utarbeida mål og strategiar for følgjande innsatsområder i arbeidsgjevarpolitikken:

- Etikk og samfunnsansvar
- Medarbeidarskap og leiing
- Samarbeid og arbeidsmiljø
- Innovasjon og utvikling
- Kompetente medarbeidarar
- Mangfald og likeverd

Arbeidsgjevarpolitikken er under revidering. Desse måla vil inngå i komande handlingsprogram. Revisjon av tilhøyrande planar og ev reglement vert lagt inn som tiltak under desse overordna måla.

Som arbeidsgjevar har ein plikt til å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling og hindre diskriminering. Organisasjonen skal vera prega av openheit, inkludering og mangfald – utan diskriminering på grunnlag av etnisitet, livssyn, kjønn, funksjonsevne, alder eller seksuell orientering. Dette gir retning for kommunen sin rolle som samfunnsutviklar, tenesteyter og arbeidsgjevar.

Kommunen har etiske retningslinjer nedfelt i arbeidsgjevarstrategien. Etikk og etiske problemstillingar er eit sentralt tema i HMT – arbeidet og i arbeidet med kvalitetsutvikling i heile organisasjonen. Kommunen skal vera ein open og solid organisasjon med høy etisk standard.

Læring, utvikling og innovasjon

Endringstakten i samfunnet og arbeidslivet aukar. Evne til innovasjon og nyskaping er nødvendig for å løyse komplekse utfordringar og knappheit på ressursar.

Dei gjennomgåande måla i planperioden er styrande for mål og tiltak for organisasjonen samla.

Mål og satsingsområde i perioden

- Organisasjonsutvikling og innovasjon
- Kompetanseutvikling
- Verksemdsstyring og kvalitetsutvikling
- Digitalisering
- Kommunikasjon og openheit
- Arbeide systematisk og målretta med reduksjon av sjukefråver gjennom bruk av forskings- og effektbaserte verkemidlar. Aksjon sjukefråver inngår i dette.
- Auke tal lærlingar i samsvar med vedtak
- Implementere ny arbeidsgjevarepolitikk

Kvart satsingsområde har fleire tiltak som er under arbeid eller vert sett i gang.

Arbeidet med lokal IA handlingsplan vil halde fram.

Tilpassa driftsorganisasjon

Oversyn over stillingar og årsverk viser ei nedgang dei siste åra. Dette har skjedd gjennom naturleg avgang. I 2018 og åra frametter er det behov for å redusere arbeidsstokken ytterlegare, frå 8-10 årsverk i 2018 og nær 20 årsverk i 2019.

Tala er frå HRM systemet pr 31.12. Det vil alltid vere ein del variasjonar ift vikariat og vakante stillingar som ikkje er tatt med i tabellen. Endringar i organisering i perioden gjer at tala for einingane er litt misvisande .

	2013		2014		2015		2016	
	årsverk	personar	årsverk	personar	årsverk	personar	årsverk	personer
Rådmann/felles*	23,31	30	23,95	33	25,1	31	30,5	37
Skule	78,31	99	74,02	92	68,52	86	61,26	88
Barnehage	38,5	42	44,4	48	44,5	47	43,34	49
Heimetenesta	69,6	98	65,67	92	59,29	82	56,68	87
Sjukeheimstenesta	69,9	126	66,82	120	60,91	107	49,79	97
Folkehelse og familie	21,8	27	19,8	25	22,11	28	20,1	25
Samfunnsutvikling	47,73	66	47,95	58	49,48	62	46,84	63
samla	349,15	488	342,61	468	329,01	443	308,51	446

* variasjon i innhald ulike år, lærlingar og andre fellesfunksjonar er tatt inn her.

Mål, tiltak og rammer 2018

Gjennomgåande fokusområde

Folkehelse og levkår

Kommuneplanen innleiar med å skildre samfunnet vårt slik:

Vaksdal kommune er kjenneteikna av nærleik, samhald og omsorg. Det er eit samfunn der ein bryr seg om kvarandre. Lokal identitet gjennom mangfald, landskap, kultur, historie, næringsliv er viktige bærebjelkar i lokalsamfunnet.



God folkehelse og gode levkår går som ein raud tråd gjennom heile planen og inngår i mål og strategiar som er valt. Dette finn ein og i kommunedelplanar og temaplaner frå dei seinare åra. Dette vert lagt til grunn for mål og tiltak i alle deler av den kommunale verksemda i 2018. Samarbeid med frivillige, lag og organisasjonar, næringsliv, andre kommunar, fylket og statlege verksemder er nødvendig for å motverke levkårsutfordringar. Å motivera og tilretteleggja for ansvar for eiga helse og størst mogleg grad av aktivitet og deltaking er viktig.

Folkehelseoversynet frå 2015 og årlege folkehelseprofiler (Folkehelseinstituttet) syner både positive sider og kva utfordringar kommunen har. Profilen i 2017 er også gjennomgåande for fleire år og viser:

- Høg trivsel i skulen
- Trygt nærmiljø
- Færre med psykiske lidingar
- Høgt sjukefråver og høg andel uføre
- Fleire med muskel og skjelettlidningar og diabetes type 2
- Fleire skader med behandling i sjukehus

Samfunnstryggleik

Kommunen har eit generelt og grunnleggjande ansvar for å ta i vare innbyggjarane sin sikkerheit og trygghet innanfor sitt geografiske område. Alle uønskte hendingar skjer i ein kommune, og kommunane utgjør det lokale fundamentet i den nasjonale beredskapen.

På bakgrunn av ein omfattande sårbarheitsanalyse gjennomførte kommune ein hovudrevisjon av den overordna Beredskapsplanen i 2015. Planen er sist revidert våren 2017, men mindre endringar skjer fortløpande. Tenestene har også egne beredskapsplanar basert på lokale forhold.

Kommunen skal ta omsyn til tryggleik og beredskap i samband med all arealplanlegging. Det er m.a. krav om at det vert utarbeida risiko- og sårbarheitsanalyse i samband med alle nye reguleringsplanar. Forskrift om konsekvensutgreiingar omtalar i kva tilfelle det skal utarbeidast konsekvensutgreiing (KU) og kva denne skal innehalde.

I Fylkesmannen sitt tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i kommunen i 2017 vart det gitt to avvik om manglar i arealplan (ny er under arbeid) og kompetanseoversyn/plan.

Mål og tiltak for samfunnstryggleik og beredskap i 2018 er

- Gjennomføre ei årleg beredskapsøving for kriseleiinga
- Årleg revisjon av beredskapsplan
- Sikre naudstraum for viktige funksjonar
- Lukke avvik frå tilsyn



Klima og miljø

Kommunane må førebu seg og førebygga konsekvensar av klimaendringane. Tiltak som reduserer klimautslepp gjennom arealbruk, transportplanlegging og energiøkonomisering i drift av bygg er døme på dette. Heilskapleg utvikling krev ei meir samordna bustad-, areal- og transportplanlegging som skal bidra til effektiv arealbruk og eit meir miljøvenleg transportsystem. Utbygging av nye veg og bane gjennom kommunen gjev grunnlag for ei slik utvikling, men er også krevjande med omsyn til plassering av massar og andre konfliktområde.


Klimautfordringar med auka nedbør, flaum, ras, havnivåstigning og springflo er tema som er viktige både som tema- og arealplanarbeid. Ei sentral utfordring er å ta klimaomsyn i all samfunns- og arealplanlegging, slik at tilpassing til eit «klimagesmart» samfunn og ny teknologi gjev «grønt» skifte. Dette vil også gjelde for energi og nullutsleppsteknologi, og er del av kommuneplanen si overordna målsetting i samfunnsdelen, og pregar særleg arealplanlegging, beredskapsplanar, innkjøp og drift/vedlikehald. Klima, energi og miljø vil vere eit viktig tema i arbeidet med områdeplanane i stasjonsbyane.



Mål og tiltak i 2018 er å redusere klimautslepp gjennom arealbruk, arealplanlegging, innkjøp, utbygging og drift som t.d energiøkonomisering i drift av bygg og digitalisering som reduserer papirflyt og transport.

Digitalisering

Teknologiske løysingar og digitalisering blir karakterisert som ein megatrend for utvikling av samfunn og økonomi. Innafor alle område, i privat og offentleg verksend, kan teknologi bidra til effektivisering og endring. Arbeidsoppgåver og jobbar vert automatisert og digitalisert.



Digitalisering er eit viktig satsingsområde for Vaksdal kommune m.a. for å effektivisere arbeidsprosessar og betre tenestene til innbyggerane. I prosjektet «Lev Vel i Vaksdal» skal teknologi bidra til aktivitet og deltaking heile livet.

Vaksdal skal vera ein effektiv organisasjon som utviklar og tar i bruk innovative og digitale løysningar. Innbyggerane i kommunen forventar digitale tenester og digital dialog med kommunen. Organisasjonen er avhengig av digitale løysingar for å kunne effektivisere arbeidsprosessar og tenesteproduksjon ytterlegare framover. Eit sterkt IKT samarbeid mellom kommunar er plattform for vidare utvikling lokalt.

Teknologiutvikling og digitalisering er en drivkraft for hvordan kommunal sektor organiserer, utvikler og leverer tenester. Digitalisering dreier seg i stor grad om endring og fornyelse av tjenester, prosesser og arbeidsmåter. Digitale løsninger må endres i takt med at teknologien og samfunnet endrer seg. (Digitaliseringsstrategi mot 2020, KS)

Mål og tiltak for 2018 er tatt inn i alle teneste- og verksemdsområde. I IKT samarbeidet er det utarbeida felles digitaliseringsstrategi og handlingsplanar som vert revidert årleg . Det pågår fleire prosjekt for å få fulldigitaliserte eller automatiserte tenester. Gjennom deltaking i KS og staten sin finansieringsordning for å utvikle standardar og felleskomponentar kan me få tilgang til løysingar eller utviklingsmidlar.

Tenestemråde Oppvekst



Tenestemrådet Oppvekst omfattar frå 2018 barnehagar, skular, PPT, barnevern, helsestasjonen, Vaksdal introserter og NAV. Kommunen har 4 barnehagar og 5 skular. Det er barnehage og skule på Vaksdal, Stanghelle, Dale, Stamnes og skule i Eksingedalen. Vaksdal kommune kjøper skuleplassar til elevar frå Eidslandet krins i Modalen kommune. Kommunen yter tilskot til Modalen for førskuleborn frå Eidslandet og Eksingedalen som går i barnehage i Modalen.

Endringa i området oppvekst skal bidra til eit meir systematisk og heilskapleg arbeid for born, unge og heimane deira.

Tverrfagleg avdeling for barn og unge

Barnevern, helsestasjonen og PPT vil frå 2018 vera ei samla avdeling som skal jobbe tett saman med barnehage og skule. Avdelinga skal arbeide systematisk og heilskapleg med tidleg innsats og førebygging for barn og unge. Barn, unge og deira foreldre skal oppleve «ei dør inn» til tenestene i avdelinga.

NAV

Prioriterte målgrupper i NAV er unge under 30 år og flyktningar som står utanfor arbeidslivet. Jobbkoordinator-prosjektet vil i 2018 støtte NAV i arbeidet med å få fleire personar i dei prioriterte målgruppene ut i arbeid. I tillegg vil vi sjå på andre tiltak som betre kan utnyttast i kommunen for å auka moglegheitene for den enkelte til å gå over i utdanning/jobb.

Vaksdal introserter

Vaksdal introserter er i 2018 godt i gang sitt 2. driftsår. Dei to siste åra har Vaksdal vorte beden om å busette mellom 10 – 20 flyktningar og kommunen har busett det som er vedteke i kommunestyret. I tillegg har nokon av dei busette fått familiegjenforening. Tal busette som har starta kvalifiseringa og delteke på norskopplæring har variert mellom 35 – 50 deltakarar i 2016 og 2017.

IMDI varsla tidleg haust 2017 om at kommunar under 10 000 innbyggjarar sannsynlegvis ikkje vil verta beden om busetting i 2018. Vi forventar likevel at drift av VIS vil fortsetje også neste år ev ved bruk av avsette midlar, då vi framleis har mange deltakarar som ikkje er ferdig med norskopplæring og introduksjonsprogram.

Barnehage og skule

Fødselstal og aktuelle barnehageborn for perioden 2012 – 2017 (pr. 30.06.17, SSB)


Totalt	2012	2013	2014	2015	2016	2017
234	38	45	51	60	48	24

Elevtal skuleåra 2017/2018 og 2018/2019 for skulekrinsane pr. september 2017

Skuleår	DBU	Vaksdal	Stanghelle	Stamnes	Eksingedalen	Modalen
2017-2018	214 (120)	124	93	37	8 (3)	8 (4)
2018-2019	225 (128)	114	90	39	9 (5)	8 (4)

(xx) = av dette elevar på ungdomstrinnet

Skulane og barnehagane har gjennom arbeidet med rettleiing for kvalitetsutvikling sett tre felles satsingsområder. Det er læreplan-/rammeplanforståing, vurdering for læring og læringsleiing. Målet for satsingane er å auka born og unge sin kompetanse – kunnskap, ferdigheiter og haldningar. Målet vil vi nå i samarbeid med heimen og andre viktige medspelarar, blant anna PPT, barnevern og helsestasjonen. Vi føler òg opp arbeidet med organisasjonsutvikling der målet er kollektivt orienterte skular og barnehagar.



Mål for 2018

- Ha gode prosessar i arbeidet med, og oppstart av, nybygging/rehabilitering av skulebygg
- Revidere plan for overgangen mellom barnehage og skule/SFO i tråd med nasjonale føringar
- PPT, helsestasjonen og barnevernet etablera gode strukturar for systemisk arbeid i høve tidleg innsats og førebygging for barn og unge
- Minst 55% av dei som går ut av introduksjonsprogrammet skal over i ordinær utdanning eller arbeid
- Starte arbeidet med rullering av Kommunedelplan Oppvekst



Økonomisk ramme

Det er krevjande økonomiske rammer innafor oppvekst. Det er nødvendig å kontinuerleg arbeide med innhald og organisering for best mogeleg nytte den økonomiske ramma som oppvekst har for å møte kravet om auka kvalitet og betre læringsresultat.

Oppvekst	Ramme 2017	Rammer 2018
Felleskostnader oppvekst (inkl NAV sosial)	6 398 991	6 319 000
Barnehage inkl VIS/Flyktning	21 441 000	23 218 000
Skule inkl ny avd (Barnevern, Helsestasjon og PPT)	54 414 324	55 703 000
Sum	82 254 315	85 240 000

I tillegg til utfordringane som er skildra under skule og barnehage har barnevern og NAV kostnader knytt til aktivitet og oppgåver som vil utfordre Oppvekst økonomisk. NAV har auke i utbetalingar på økonomisk sosialhjelp. Denne utviklinga ser ein òg nasjonalt. Vi vil ha fokus på å få redusert utbetalingar og få personar over i jobb og/eller utdanning. Kostnadar i barnevernet knytt til tiltak i og utanfor heimen er òg ei utfordring som vil krevje auka innsats.

Skule



Skulane i Vaksdal har som visjon: «Me er blant dei beste på samarbeid mellom skule, heim og lokalsamfunn. I skulen vår vert alle sett og verdsett, derfor har vi eit godt læringsmiljø med gode faglege resultat. Skulen er trygg, inkluderande, aktiv, kreativ og nyttenkjande».


Hausten 2017 går det til saman 477 elevar på dei fem skulane våre. Vi har òg 8 elevar frå Vaksdal som har skuleplass ved Mo skule i Modalen.

Hausten 2018 startar det 37 born på 1. årssteg i skulane i Vaksdal. Elevane startar på skule på Dale, Vaksdal, Stanghelle, Stamnes og Eksingedalen. På ungdomssteget startar det 50 elevar, medan 39 elevar avsluttar grunnskulen og startar på vidaregåande skule. Elevtalet vil med dette vera om lag det same i 2018/2019 som inneverande år.

Skuleåret 2018/2019

Årssteg	DBU	Vaksdal	Stanghelle	Stamnes	Eksingedalen	Samla
1.	11	11	10	4	1	37
8.	48	0	0	0	2	50
VG1	39	0	0	0	0	39

Skulane i Vaksdal har arbeida i fleire år for å redusera tal elevar som får spesialundervisning til fordel for betra tilpassa opplæring med godt læringsmiljø. Det har vore gjort eit systematisk arbeid på alle skulane i tett samarbeid og oppfølging av PPT. System for ressursteam og PALS er gode verkty i arbeidet. Resultata ser vi ved at elevar med spesialundervisning er 10 % i 2016, som er om lag 1 % auke frå året før, og medan landsgjennomsnittet på 7,8 %. Samstundes nyttar vi eit lågare timetal, prosentvis, i forhold til kommunegruppene, Hordaland og landsgjennomsnittet. Med reduksjon i timetalet vil det vera særst viktig å ha god kvalitet på den tilpassa opplæringa framover.



I 2017 starta skulane i Vaksdal deltaking i tilbodet om rettleiing for kvalitetsutvikling i regi av Udir med mål om å betra læringsresultata til elevane. Satsingsområda for skulane er læreplanforståing, vurdering for læring og læringsleiing. Områda er valt etter grundige analysar av kartleggingar og undersøkingar som er gjennomført på den enkelte skule. Satsingsområda er i tråd med nasjonale føringar. Ny overordna del til læreplanane vil ha særleg fokus og vera retningsgjevande for kvalitetsutviklinga. Måla som er sett for 2018 gjenspeiler satsinga.



Alle skulane vil òg vidareføra det gode arbeidet med PALS (Positiv-Adferd-støttande Læringsmiljø og Samhandling) med mål om at alle elevar opplever eit godt og trygt læringsmiljø i tråd med revidert lov om skulemiljø.

I 2017 starta vi eit utviklingsprosjekt for SFO. Utviklingsarbeidet fremjar fokus på innhald og kvalitet i SFO-tilbodet. I 2018 vil vi særleg fokusera på at intensjonane er vorte til den gode praksisen som vi ynskjer for borna i SFO. Erfaringar og vurderinga skal delast mellom tilsette i SFO og rektorane og strategi for vegen vidare skal utarbeidast.


Mål for 2018

- Elevane opplever reell elevmedverknad i høve planlegging, gjennomføring og evaluering av opplæringa
- Elevane får opplæring i og nyttar digitale verkty, t.d. Chrombooks, til fagleg bruk både på skulen og heime, og får tilgang til fleire interaktive løysingar i opplæringa
- Tilsette har kjennskap og forståing for prioriterte omgrep i ny overordna plan
- Skulane har tilsette med kompetanse i utvalte program som fremjar læring innan ordinær undervisning og spesialundervisning
- Skuleleiarane nyttar kollegabasert kompetanseutvikling på nettverksmøte med rettleiing av bl.a PPT og rettleiarkorps frå Udir.
-



Økonomisk ramme	Ramme 2017	Rammer 2018
Skule inkl ny avd (Barnevern, Helsestasjon og PPT)	54 414 324	55 703 000

Kostnadsnivået for skule pr. 2016 ligg lågare enn både kommunegruppe 2 og 3, men høgare enn fylket og landet. Kostnaden inkluderer SFO, skyss og skulelokale. I 2016 nytta grunnskule 21,2 % av netto driftsutgifter til kommunen. Reduksjonen frå tidlegare år er i stor grad gjennomført ved å redusere tal undervisningstimar.



Skulane har redusert rammene sine dei siste åra og den ytterlegare reduksjonen for 2018 utgjer 2 – 3 stillingar. Konsekvensen av dette er at vi held fram med store aldersblanda klassar. Nær alle aldersblanda klassar vil vera over 20 elevar i kvar gruppe, der òg nokon av gruppene er mellom 25 – 30 elevar. Det er særleg skulane på Vaksdal, Stanghelle og Dale som får store grupper. Dette utfordra undervisninga, læringa til elevane og romkapasitet på skulane. Der det er høve for deling av grupper vil kjernefaga norsk, engelsk og matematikk på 1. – 4. årssteg verta prioritert. Skulane vil òg periodevis i løpet av året gjennomføra blant anna lesekurs for elevar som har behov for litt det. Forventa tilskot frå staten til tidleg innsats er lagt inn i budsjettet og nytta til lønsmidlar til lærarar. Kostnadar til elevar i andre kommunar er auka opp til forventa inntekter og utgifter i 2018. Dette påverkar og reduserer rammene til drift av skulane i Vaksdal.

Barnehage





Barnehagane i Vaksdal har som visjon: « I barnehagen vår vert alle sett og verdsett, me er blant dei beste på samarbeid mellom barnehage, heim og lokalsamfunn. Barnehagen er trygg, inkluderande, aktiv, kreativ og nytenkjande».

Hausten 2017 er det 201 barn til saman i dei fire barnehagane i Vaksdal. Tal born er litt høgare enn tidlegare år, men den største endringa frå tidlegare år er at det er fleire små barn. Det er 38 barnehagebarn 38 som byrjar på skulen i august 2018.

I 2016 var det færre born med barnehageplass i Vaksdal enn tidlegare år, 72,5 %. I 2017 har talet auka og det er venteleg at del born med barnehageplass i 2018 vil vera mellom 80-85 %.

Dette vil auke kostnadane og aktiviteten, men reduserte inntekter. Samfunnsmessig er det likevel positivt at mange foreldre vel å nytte barnehagetilbodet for å tak del i arbeidslivet eller utdanning og med det bidra til verdiskapinga i Vaksdal.

Det siste året har det vore ei auke i del minoritetspråklege barn i barnehage og i Vaksdal har vi prosentvis fleire minoritetspråklege barn i barnhage enn samanliknbare kommunar og Hordaland. Barnehagane vil i samarbeid med VIS leggje til rette for at barn av busette flyktningar så raskt som mogeleg får barnehageplass slik at foreldre kan starte på kvalifiseringa si.



Programmet «De utrolige årene» er ei viktig og langsiktig satsing i alle barnehagane våre som skal gje dei tilsette eit felles verkty og styrke relasjonskompetansen. Alle som var tilsett i barnehagane før august 2017 har fått gjennomført kursrekkeje i DUÅ. Språk og kommunikasjon er eit grunnleggande tema som heile tida må utviklast. Dei tilsette i barnehagane er i gong med kompetanseheving i TRAS og Språkløyper for barnehagane. Vidare satsing på digitale verkty knytt til bruk i arbeid med blant anna språk.


Ny rammeplan for barnehage gjeldande frå 1. august 2017 vil naturleg vera særleg fokus på å arbeida med på alle nivå i barnehagane.

Mål for 2018

- Barnehagen legg til rette for barn og føresette sin medverknad i utforminga av tilbodet.
- Barnehagen er ein lærande organisasjon som kontinuerleg vurderar og forbetrar sin eigen praksis.
- Barnehagen nyttar digitale verktøy som eit viktig verkemiddel i det pedagogiske arbeidet.



Vaksdal barnehage hadde i 2016 noko mindre utgifter til barnehage enn dei vi har samanlikna oss med. Ut frå objektive utgiftsbehov sett av SSB, der kriteria er barn 2-5 år, barn 1 år utan kontantstøtte og utdanningsnivå, ligg Vaksdal sitt behov om lag 15 % under landssnittet. I 2016 var utgiftene til barnehage i Vaksdal 20 % under landssnittet. Lågare utgiftsnivå kjem av at berre 72 % av barna gjekk i barnehage. Gjennomsnittet dei 4 åra før var 83,5 % av barna.



Økonomisk ramme	Ramme 2017	Rammer 2018
Barnehage inkl VIS/Flyktning	21 441 000	23 218 000

Auka tal barn i barnehage hausten 2017, og då særleg 1 og 2 åringar, har gjort det naudsynt å auke bemanninga og kapasiteten i barnehagane. 1 og 2 åringane tel som to barn når det gjeld pedagogisk bemanning i barnehage. Den auka drifta vil fortsetje våren 2018 og vil krevja auka budsjetttrammer. Hausten 2018 forventar me å kunne redusera drifta noko, men framleis vil det vera behov for meir kapasitet enn tidlegare år då fleire barn har rett til barnehageplass. Som følgje av auken frå 2018 foreslår rådmann å auke rammene til barnehage med knappe 2 mill.

Det har vore to endringar i lovverket i 2017 som påverkar drifta og kostnadane til barnehage. Den eine endringa er at barn født til og med november har rett på barnehageplass og den andre er teljedato for når eit barn vert rekna som treåring i forhold til pedagognorm. Det er no berre teljedato i august, mot tidlegare august og januar. Konsekvensen av berre ein teljedato er at det ikkje vert frigjort barnehageplassar i januar slik det var før, om ein ikkje aukar pedagogbemanninga.

Det er òg varsla ny norm for grunnbemanning og pedagogbemanning i barnehagen. Endringane er venta sett i verk frå neste barnehageår, meirkostnadene i 2018 er finansiert i rammetilskotet. KS sine berekningar viser at endringane ikkje er fullfinansiert. Den svake veksten i rammetilskot for Vaksdal i 2018 inneber verken dekning av nye/endra tiltak eller løns- og prisvekst fullt ut.

Eininga vil fram mot økonomiplan og handlingsprogram greie ut den økonomiske og faglege konsekvensen ved å gjera opptak meir fleksibelt enn det er i dag med bakgrunn i lovendringane som er kome i 2017 og som er varsla i 2018.

Sjølv med auka rammer er drifta i barnehagen utfordrande. Vi har ei auke i tilskot til andre kommunar i både kommunale og private barnehagar. For å tilpasse drifta vil vi halde fram med ein barnehage ope om sommaren og ved opptak til nytt barnehageår fordela barna mellom barnehagane med mål om full utnytting av kapasitet på den enkelte avdeling.

Tenesteområde helse og omsorg

Innafor tenesteområde utfører me tenester i heile skalaen for tenesteyting og femner om alle alders- og diagnosegrupper frå førebyggjande tiltak til bistand og helsehjelp. Målsetnaden er at den enkelte i størst mogeleg grad kan nytta egne ressursar og meistra eige liv. Overordna mål for økonomiplanperioden er at innbyggjarane skal få forsvarlege og gode nok tenester innanfor dei ressursar me har tilgjengeleg. Eit sentralt mål er å vri innsats frå institusjonsbasert omsorg til meir helsefremjande, førebyggjande og rehabiliterande tenester, d.v.s nedover i omsorgstrappa.

For å støtte opp om det viktige utviklings – og endringsarbeidet er helse og omsorg samla i ei eining i samsvar med handlingsprogram og økonomiplan. I tillegg til dei to avdelingane Helsehus og Ressurssenter inngår legetenesta, fysio- og ergoterapi og rus- og psykiatritenesta i eininga. Målet er å styrke ei heilskapleg teneste, støtte opp om satsingane i Lev Vel prosjektet , utvikle framtidsretta tenester og sikre heilskapleg ressursbruk og kompetanseutvikling i tenesta.

I Vaksdal er me inne i ein periode med nedgang i talet eldre. Me må redusere tenesteomfanget i takt med redusert rammetilskot som følgje av dette. Rask omstilling er krevande, det er i all hovudsak reduksjon i bemanning som vil gje effekt. Kvart år i 4-årsperioden må me redusere talet på stillingar. Kravet til effektivitet aukar, og midlar og ressursar må omfordelast til meir ressurseffektivt nivå.

Frå 2022/2025 vil talet 80 + auka att i kommunen. Det aukande talet eldre er ei nasjonal og global utfordring som kommunane må bu seg på. I Vaksdal vil åra fram mot 2022 verta svært viktige for å rigga tenestene slik at me framover vert i stand til å gi god nok assistanse, helsehjelp og omsorg til innbyggjarane med dei ressursar kommunen rår over.



Utviklingstrekk og forskning viser at dei fleste eldre ønskjer å bu heime så lenge som råd. Nye metodar og hjelpemiddel opnar for dette på ein heilt annan måte enn det ein såg for seg berre få år attende. I 2018 vil me holda fram arbeidet med å tilrettelegge for å kunne bu lenger i eigen heim og i tillegg utvikla buløysingar og tilbod mellom eigen heim og sjukeheimplass, det gjeld både for korttidsopphald og for meir langvarige buforhold. Herunder vil me tilretteleggja leilegheiter på Jamnetunet for personar med demens/kognitiv svikt.

Me satsar også vidare på kompetanseheving og metodar som har ressursane til brukar i fokus og der ein rettleiar og tilrettelegg snarare enn å overta for brukarane. Døme på dette er kvardagsrehabilitering, bruk av teknologi/hjelpemiddel og bruk av helsepedagogiske metodar. I 2018 vil me styrka rehabiliteringsarbeidet og utarbeide ny temaplan for habilitering og rehabilitering.

Prosjektprogrammet «Lev Vel i Vaksdal» har framdrift i samsvar med styringsdokument og milepælsplan. Prosjektprogrammet femnar om utviklingsarbeid, kompetanseheving og nokre delprosjekt, m.a. eit forskingsprosjekt rundt brukarmedverknad frå personar med demens og deira pårørande. Utviklingsarbeidet føregår i den daglege drifta, og me sikrar på den måten implementering av kompetanse og metodar. Justert organisering av helse og omsorg støttar opp om utviklingsarbeidet og bidreg til å realisera måla.

Mål for 2018 er i samsvar med satsing og framdrift i prosjekt/utviklingsarbeid og med styringsdata som fortel oss at me framleis har forbettringspotensiale i å endra og effektivisera tenester.

Mål og tiltak for tenesteområdet i 2018

- Brukarundersøking skal gjennomførast etter oppsett plan.
- Brukarmedverknad på system-/tenestenivå skal nyttast i utviklingsarbeid.
- Gjennom samarbeid med Frivilligsentral og andre frivillige etablera gode tilbod som fremjar deltaking og meistring for brukarane.
- Gjennom mellom anna deltaking i «Nasjonalt velferdsteknologiprogram» få teke i bruk aktuelle teknologiske hjelpemiddel hjå heimebuande brukarar.
- Rehabiliteringsfeltet skal styrkast, og det skal utarbeidast ny temaplan for habilitering/rehabilitering.
- Rutinar for helse – og omsorgstenester skal reviderast i fyrste halvdel av 2018

Økonomisk ramme	Ramme 2017	Rammer 2018
Felleskostnadar Helse og omsorg	4 896 850	3 749 000
Helse og omsorg	106 474 676	107 304 000
Sum	111 371 526	111 053 000

Drift av Lev Vel prosjektet ligg under felleskostnader og kommunalsjefen er prosjektleiar for programmet. Prosjektet er delvis dekkja av tilskot og andre eksterne midlar, i tillegg kjem vår eigeninnsats. Tilskot til AO-senteret i tillegg til felleskostnader er budsjettert her.

Helse- og omsorg

I tråd med vedtekne styringsdokument vart helse- og omsorgstenestene samla i ei eining i løpet av 2017. Helse og omsorg vil i 2018 ha eit større og meir samanhengande fokus på pasientflyt då me er færre leiarar og med det er tettare på heilskapen i tenestene våre.



Tenestene er i ferd med å få ei tydeleg vriding mot meir førebyggjande, tilretteleggjande og rehabiliterande tiltak. Dette er i samsvar med BEON-prinsipp, beste effektive omsorgsnivå. I praksis betyr det vidare arbeid med oppretting av butilbod mellom heim og institusjon, betre tilrettelagde omsorgsbustadar og «Omsorg pluss». Slike butilbod vert gradvis oppretta på Jamnetunet og på Daletunet, innanfor eksisterande bygningar. Det vert her fokus på eigenmeistring og deltaking, og det vil verta samarbeid med pårørande og frivillige for å få gode tilbod til

bebuarane. Fokus på kvardagsmeistring og kvardagsrehabilitering vil også holda fram.

Det vert det arbeida systematisk med mål å få ned sjukefråværet i tenesteområdet. Det er etablert ei tverrfagleg samansett arbeidsgruppe med kompetanse på området som vil jobba med oppretting av tilbod til aktuelle sjukemelde etter 14 dagars sjukefråvær. Aksjon sjukefråver er ei satsing som kommunestyret har løyvd pengar til i planperioden. Midlar er sett av til tiltak i helse og omsorg der individtilpassa trening med fysioterapeut er eit tiltak.

Økonomisk ramme	Ramme 2017	Rammer 2018
Helse og omsorg	106 474 676	107 304 000

Samarbeid mellom ulike fagområde for å nytta ressursar maksimalt og tilpasse og effektivisera drift etter kvart som tenester vert endra og nye metodar vert tekne i bruk er viktige føresetnader for å nå måla. Det er også målsetninga om å auke nærveret på jobb og redusere sjukefråveret.

Ressurssenteret på Vaksdal

Me er i gang med oppbygging av eit ressurscenter for demens i samsvar med vedtekne styringsdokument og milepælar under «Lev Vel i Vaksdal». Kompetanseheving innan feltet vil holda fram, og me vil satsa endå meir på samarbeid med pårørande og frivillige.


For nokre pasientar vil eit opphald på sjukeheim vera naudsynt. Men jamfør både lokale og sentrale planar og samanlikna med andre kommunar, er det mykje som tyder på at forskyving av ressursar og innsats frå institusjon og over mot heimebaserte tenester er rette vegen å gå.

Mål og tiltak 2018

- Personar med demens skal ha tilrettelagt dagtilbod innan utgangen av 2. tertial.
- Det skal gjennomførast minst eit kurs for pårørande.
- I samarbeid med pårørande og frivillige skal me utvikla tilbod som fører til auka trivsel og mestring for personar med demens.
- Minimum to tilrettelagde bustadar skal stå klar på Jamnetunet.
- Fagutviklingsprogrammet «Demensomsorgens ABC» skal gjennomførast etter planen, oppstart av 2. del hausten 2018.


Helsehuset på Dale

Tenester som er lokalisert i Helsehuset: heimebaserte tenester (heimesjukepleie, praktisk bistand, dagsenter), korttidsavdeling og langtids plassar. Andre tenester er rus og psykiatritenesta og forvaltningskontoret. Ergoterapeuten har sitt kontor i Helsehuset, og den kommunale fysioterapeuten vert å finna her fleire dagar for veka. Elvavegen ligg organisatorisk inn under Helsehuset. Det same gjeld legetenesta som framleis vil ha kontora sine på Heradshuset.



Styringsdata frå m.a. Kostra og IPLOS viser at me har eit potensiale i å satsa på førebyggjande og rehabiliterande tiltak.

Me gir framleis heimetenester til fleire av aldersgruppa over 80 år enn andre kommunar. Samstundes har me færre i denne gruppa med omfattande hjelpebehov. Det tyder på at me gir fleire tenester på høge nivå i omsorgstrappa enn behovet skulle tilsei. Å byggje ut andre tenester meir tilpassa behovet er nødvendig. Dette er høgt prioritert i 2018 og åra frametter.



Økonomisk vert det krevjande med tilpassingar og omstillingar som tilsvarar reduksjon i mange stillingar. Me må prioritera og konsentrera oss om det mest naudsynte. Det vert heilt avgjerande å få mest mogleg ut av dei ressursar me har tilgjengelege for å løysa oppgåvene meir effektivt. Samstundes må tenestetilbodet utviklast slik at me er førebudde på framtidige utfordringar og er rusta til å takle svingingar og nye krav.

Mål og tiltak 2018

- Minst 6 bustadar innan «Omsorg pluss» skal vera i drift.
- Rus og psykiatri og heimebaserte tenester skal ha brukarundersøking i andre halvdel av 2018.
- Metodar frå Pasientsikkerheitsprogrammet skal takast i bruk på korttidsavdelinga for å effektivisera drift og sikra god pasientflyt og gode overgangar til/frå sjukehus og heim.
- Visningsrommet «Vågtech» skal vidareutviklast slik at aktuelle personar og grupper kan nytta rommet for informasjon, utprøving og gjensidig utveksling av erfaring.
- Elvavegen skal setja i gang kompetanseutviklingsprogram for personar som jobbar med psykisk utviklingshemma.

Tenestekområde samfunnsutvikling

Folketalsauke er ei hovudmålsetjing for kommunen og ligg til grunn for arbeidet med bustadutvikling, næringsutvikling og tenesteutvikling i kommunen fram mot 2040. Rådmann legg til grunn aktiv deltaking i viktige prosessar som påverkar vår utvikling i framtida:

- godt samarbeid med innbyggjarar og frivillige lag og organisasjonar,
- å jobbe for gode løysingar i arbeidet med statleg plan for ny veg og bane for Arna –Stanghelle,
- utarbeiding av områdeplanar for utvikling av Vaksdal og Stanghelle.

Vaksdal kommune har **samhald**, **open** og **nyskapande** som verdiar. Verdiane speglar eit samfunn der ein bryr seg om kvarandre. Lokal identitet gjennom mangfald, landskap, kultur, historie og næringsliv er viktige berebjelkar i lokalsamfunnet. Å vere bynær er ei viktig føremon for utvikling av kommunen.

«Bynært bygdeliv» i kommunen sin profil handlar også om verdiar, kultur og identitet som me ønskjer å bygge vår utvikling på og skape vårt omdømme kring. Dette utfordrar oss til å tenkje nytt og utvikle oss for å skape attraktive lokalmiljø med moderne infrastruktur og eit tilpassa tenestetilbod.

God samfunnsutvikling blir skapt gjennom samspel mellom innbyggjarar, næringsliv, det offentlege og organisasjonslivet i kommunen. Det blomstrande og mangfaldige kulturlivet i kommunen er eit eksempel på nettopp det. Ny veg og bane gjennom kommunen er andre. Gjennom å synleggjere og vidareutvikle våre fortrinn kan me auke vår attraktivitet for å skape folkevekst og bulyst her i randsona til byen



Dugnadsarbeid i aktivitetsparken på Stanghelle

Målsettingar i økonomiplanperioden med nokre fokusområde i 2018:

SAMHALD	OPEN	NYSKAPANDE
Vaksdal kommune skal vere ein inkluderande og trygg stad å bu for alle.	Stasjonsbyane Vaksdal, Dale og Stanghelle er attraktive sentra som inviterer til aktivitet.	Vaksdal kommune er proaktiv, og vil vere robust til å handtere dei endringane ein møter.
Støtte til- og samarbeid med eldsjeler og lag organisasjonar om kulturarrangement turløyper og nærmiljøanlegg.	Oppstart utbygging av Stanghelle vest med akseptabel økonomisk risiko for kommunen.	Auka sambruk i kommunale bygg, nye skulebygg på Vaksdal og Dale.
Fokus 2018	Fokus 2018	Fokus 2018
Stimulere til fortsatt aktivt lagsliv. Kontaktmøte med idrettsråd og musikkråd. Økonomisk støtte.	Jobbe for oppstart Stanghelle vest i 2018	Avhending av kommunale bygg Planlegging og bygging av smarte skulebygg.

Mål og satsingar i 2018

- Arbeid med områdeplanar for Vaksdal og Stanghelle.
- Stanghelle vest, Tettanaset – oppstart sal til utbyggar/ar
- Aktiv deltaking i statleg reguleringsplan for ny veg og bane Arna - Stanghelle.
- Gjennomføre utbygging av nytt vassverk Vaksdal og tiltak knytt til avlaup.
- Byggeprosess av ny barne- og ungdomsskule på Dale samt planlegging
- tilbygg på Vaksdal skule

Samfunnsutvikling

Eininga samlar ulike fagmiljø som saman er viktige for folkevekst, næringsutvikling, kultur og identitet. Spennet i kompetanse og arbeidsoppgåver innan eininga er stort, og ein ønskjer å utnytte dette gjennom å utvikle eit godt samarbeid internt.

Nokre av oppgåvene me vil jobbe med i 2018 vil vere

- bidra til at kommunen er god og bu i ved å levere gode tenester og god sørvis,
- aktiv deltaking i statleg reguleringsplan for ny veg og bane Arna – Stanghelle,
- områdeplanar for Stanghelle og Vaksdal,
- planlegging av ny barne- og ungdomsskule på Dale samt tilbygg på Vaksdal skule,
- realisering av Stanghelle vest med akseptabel risiko for kommunen,
- brukarundersøking for turbinen,
- gjennomføre utbygging av nytt vassverk Vaksdal og tiltak knytt til avlaup.

Dei pågåande prosessane innanfor plan- og utbygging utfordrar den kommunale organisasjonen med omsyn til kapasitet og kompetanse. Spesialisert kompetansen må ein hente inn utanfor eigen organisasjon, men det er viktig at kommunen har tilstrekkeleg kapasitet og bestillarkompetanse i den fasen ein no går inn i .



Kultur og idrett

Gode kultur-, idrett- og fritidstilbod er viktig for at det skal vere godt å leva å bu her. Kommunen har eit mangfald av lag og organisasjonar som tilbyr ulike kulturtilbod. Godt samspel mellom kommune og frivillige lag og organisasjonar, samt støtte til eldsjelene er viktig. Vaksdal kulturskule vil prioritere tenester til born og unge framfor vaksne. Samfunnsutvikling forvaltar faste tilskot til lag og organisasjonar. For 2018 føreslår me å vidareføre ramma på 590 000 kroner. Me vil gjennomføre villmarksleir på Småbrekke, gjerne i samarbeid med frivillige lag og organisasjon om mogleg.

K5 – eit band i Vaksdal kulturskule


Vedlikehald av kommunale bygg

Kommunen har eit overskot på bygningsmasse gjennom bygg som ikkje er i bruk, bygg med dårleg arealeffektivitet samt unyttta areal. Dei kommunale bygga har til dels stort etterslep på vedlikehald då vedlikehaldsbudsjettet over tid har vore redusert til eit nivå der me per i dag er langt unna eit vedlikehald som sikrar verdiane.

Når ein korrigerer for prisstigning er utgiftene til forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg redusert med 3,7 millionar i budsjett for 2018 i høve til nivået i 2010.

Driftsinntektene vert ytterlegare redusert i åra som kjem, og dette gir mindre til drift og vedlikehald av kommunal infrastruktur. Me må difor prioritere hardare og syte for at investeringane me gjer i infrastruktur gjer oss lågare driftsutgifter. Om ein ikkje klarer å redusere bygningsmassen må ein forvente ein vesentleg opptrapping av driftsutgiftene til vedlikehald av kommunale bygg Me vil difor utarbeide ein tidsplan for avhending av kommunale bygg til neste rullering av økonomiplan.

Inntekter og kostnader eigedomsforvaltning



Mål og tiltak for 2018


Område	Mål	Tiltak
Arbeidsmiljø	Godt arbeidsmiljø med sjukefråvær under 7 %	Tydelege mål og verdigrunnlag, medverknad og tilrettelegging
Bibliotek	Ulike tiltak som kan styrke biblioteket som sosial arena.	Forfattartreff, sjakkturneringar, slektsgranskingskurs, skrivekurs. Bokslepp Årbok historielaget. Sommarles for barn og unge 2018.
Kommunale bygg	Arealeffektiv og trygg bygningsmasse.	1. Utarbeide vedlikeholdsplan for utleigebustader. 2. Utarbeide plan for avhending av kommunale bygg til økonomiplan 2019-2022 3.Redusere bygningsmassen med 2.200 m ² i 2018. 4. Oppgradering/rehabilitering av Elvavegen buffelleskap. 5. Stenge av delar av bygg som ikkje er i bruk. 6. Rehabilitering av 4 utleigebustader. 7. Gjennomføre radonmålingar og heiskontroll.
Arealplan	Planar skal vere oppdatert og framtidsretta	Kommuneplanen vert rullert og slutført. Områdeplanar for Vaksdal og Stanghelle er under arbeid. Reguleringsplan for Jamne (gamle barnehage) vert vedtatt. Reg.plan for Vaksdal vassverk vert slutført.
Turbinen	Auke brukstida av Turbinen og få ein større andel av kommunen sine innbyggjarar til å bruke bygget	Marknadsføring mot einskildpersoner og grupper som i dag ikkje er brukarar.

Økonomisk ramme	Ramme 2017	Rammer 2018
Samfunnsutvikling	39 081 002	41 237 000

Rådmannen foreslår å styrke budsjettet for 2018 med inntil 1,5 mill utover ramma i økonomiplanen for å ha tilstrekkeleg utgreiing- og planleggingskompetanse og kapasitet i det kommunale arbeidet opp mot K5.

Tiltak for å halde budsjetttramma i 2018

1. Tiltak for å redusere sjukefråvær og kostnader som følgje av sjukefråvær.
2. Tydeleg prioritering av born og unge i kulturskulen samt ved støtte til kultur og idrett.
3. Tydeleg prioritering av sentrale møteplasser på Vaksdal og Dale.
4. Ikkje reasfaltering av kommunale vegar.
5. Fortsatt fokus på arealeffektivitet og avhending av kommunale bygg som ikkje er i bruk.
6. Vaksdal idrettspark er ut i frå omsyn til miljø og kostnader prioritert som heilårsanlegg.



Felles økonomi

Her finn ein kostnader som er felles for heile kommunen som politisk drift, ymse tilskot, rådmann, stab og støttefunksjonar som t.d. økonomi , HR, IKT og ymse felleskostnader.

Politisk del og ymse tilskot

Under fellesøkonomi er det budsjettert kostnader til drift av politisk styre, utval og råd og ordførar/varaordførar, revisjon, tilskot til Kyrkjeleg Fellesråd, Frivilligsentral, AO senter mv og andre tilskot.



Økonomisk ramme	Ramme 2017	Rammer 2018
Politiske utval og råd	4 014 854	4 320 519
Diverse tilskot	5 810 334	5 829 205

Budsjett for Kontrollutvalet er auka med kr 197.084,- til kr 821.219,- i 2018.

Drift av Frivilligsentral er budsjettert med kr 689.205,- i brutto drift. Frå 2017 er midlar til frivilligsentral lagt inn i rammetilskotet, det medfører at kommunen må dekke heile drifta av ramma.

Kyrkjeleg fellesråd er budsjettert med ei overføring på kr 3.400.000,- som i 2017. Det er i tillegg budsjettert med fordelte utgifter til gravar m.m og fordelte fellesutgifter til eigedomsforvaltning knytt til drift av kyrkja. Fellesrådet slit med å halde balanse og har presentert sine behov for auke i ramma. Det er det ikkje funne rom for i 2018 og slik dei økonomiske rammene er for kommunen framover er det viktig å kome i dialog om langsiktige tiltak for å redusere drifta.

Tilskot til andre trdomssamfunn er budsjettert med kr 190.000,-

Næringssekskapet får overført same sum som i 2014 – kr 1 mill – som vert dekkja av næringsfondet. Utbytte frå Boge Kraft vert inntektsført i drifta som delvis finansiering med kr 350.000,-

Tilskot til bustadutbetring er budsjettert med kr 300.000,- som vert finansiert med utbetringstilskot frå Husbanken. Det er budsjettert med kr 300.000,- i stimuleringstilskot, behovet varierer frå år til år.

Rådmann og stab

Under fellesøkonomi er det budsjettert kostnader til rådmann og rådmanns stab. Felleskostnader for stab og støttefunksjoner er samla her, tenesteområda har ikkje egne stabar slik det er vanleg i mange kommunar. Kostnader på kommunenivå er lagt inn her.

Staben dekker desse fagområda for heile kommuneorganisasjonen: økonomi, HR, post/arkiv, løn, innbyggarservice/informasjon, politisk sekretariat, skatteinnkreving og enkelte innbyggartenester, samla 12,3 stilling.

Økonomisk ramme	Ramme 2017	Rammer 2018
Rådmann og stab	18 389 969	18 515 276

Kostnader til fellesfunksjonar for heile kommunen som t.d. IKT drift og utvikling, pensjon, forsikring, ymse tilskot, interkommunale samarbeid og kjøp av tenester, bedriftshelseteneste, verneteneste og hovudtillitsvald med meir inngår. Medfinansiering digitalisering til KS er lagt inn frå 2018.

Av felleskostnader er dette dei største postane:

- 6 mill. Drift og utvikling av IKT inkl programvare, lisensar og datakommunikasjon (nett). Kostnader til drift er stabil, men kostnader til fiberlinjer er sterkt aukande pga. mange bygg og aukande digitalisering. Programvare og lisensar aukar også.
- 1 mill. Kjøp av/samarbeid om tenester til erstatning for egen t.d kapitalforvaltning (BCM), innkjøpssamarbeid (Bergen), arbeidsgjevarkontroll (Bergen), interkommunalt arkiv (IKAH)
- 1,5 mill til AFP pensjonar, seniorbonus og forsikringar
- 1 mill til medlemskap KS, LVK, BOF m. fl. og til kjøp av juridiske eller andre konsulentteneste
- kompetanse- og velferdstiltak organisasjon
- Ca 1,2 mill felleskostnader til bedriftshelseteneste, telefoni, annonsar, frankering, renter og gebyr bank, abonnement/årsgebyr personal og løn

I budsjettet for 2018 ligg det ytterlegare effektiviseringskrav for administrasjonen mellom anna gjennom LEAN-prosessar og digitalisering. Det er lagt til grunn noko reduksjon i bemanning for å halde budsjetttramma i året. For å unngå at dette medfører inntektssvikt eller aukar kostnader vil det måtte ramme kapasiteten på støtte til driftseiningane, saksbehandling og leiing.

Mål og satsingar for staben i 2018

- Vidareutvikle verksemdsstyringa
- Leie full implementering av KF Kvalitet
- Vidareutvikle kontrollaktiviteter basert på ROS-analyser
- Sette i drift det nye økonomi- og personalsystemet (Visma) og ev tilleggsmøduklar
- Bidra i internrevisjonar/egenkontrollar, m.a internrevisjon i Helse og omsorg
- Styrke kapasiteten på kommunikasjon og service. Jobbe med Klart språk.

Vedlegg 1. Kostra/analyser/nøkkeltal

Alle kommunar er pålagt å føre rekneskapen etter KOSTRA-standard. KOSTRA (Kommune-Stat RAPportering) er eit nasjonalt informasjonssystem som gir styringsinformasjon til kommunal verksemd. Informasjon om kommunale tenester og bruk av ressursar på ulike tenesteområde vert samanstillt for å gje relevant informasjon til beslutningstakarar, både lokalt og nasjonalt. Informasjon kan nyttast til analyse, planlegging og styring og til vurdering om mål vert oppnådd. KOSTRA gjer os moglegheit til å samanlikna kommunen med andre kommunar og å sjå utvikling over tid.

Vi vel å samanlikne mot både Kommunegruppe 2 og 3.

Gr. 2	Små kommunar med middels bundne kostnader per innbyggjar, middels frie disponible inntekter
Gr. 3	Små kommunar med middels bundne kostnader per innbyggjar, høye frie disponible inntekter

Tabellane er utvalde rapporter frå SSB

Finansielle nøkkeltal

	Vaksdal 2013	Vaksdal 2014	Vaksdal 2015	Vaksdal 2016	KG 02 2016	KG 03 2016	Hordalan d 2016	Landet u/Oslo 2016
Finansielle nøkkeltal								
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	6,9	-0,3	2,3	3,2	3	3,5	4,1	3,7
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	9,8	2	2,5	4,6	3,4	3,6	4,3	4,1
Frie inntekter i kroner per innbyggjar	55 549	57 273	57 562	60 315	58 873	60 468	51 412	52 158
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	176,1	198,5	202	207,9	221,5	228,5	201,7	215,7
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	25,4	28,6	31	42	17,4	21,1	19,2	21,4
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar	41 251	47 859	49 093	52 245	72 514	85 532	58 485	67 036

Vaksdal kommune har generelt gode finansielle nøkkeltal. Kommunen har høge inntekter samanlikna med andre, og tilsvarende høgare driftsutgifter. Lånegjelda er relativt lav, men aukande.

Utgift pr innbyggjar

	Vaksdal 2013	Vaksdal 2014	Vaksdal 2015	Vaksdal 2016	KG 02 2016	KG 03 2016	Hordalan d 2016	Landet u/Oslo 2016
Prioritering								
Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i kroner, barnehager	90 858	110 629	124 148	115 305	137 758	142 739	139 672	137 613
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbyggjar	14 544	14 025	13 935	13 959	14 727	15 710	12 955	12 902
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, kommunehelsetjenesten	3 635	3 698	3 191	4 240	3 501	4 155	2 362	2 545
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, pleie- og omsorgstjenesten	29 236	29 698	28 971	28 084	20 895	22 154	16 540	16 978
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbyggjar 20-66 år	1 558	1 978	2 201	2 552	3 021	3 037	3 734	3 548
Netto driftsutgifter per innbyggjar 0-17 år, barnevernstjenesten	4 843	4 662	6 792	7 160	10 059	11 270	8 737	8 897
Netto driftsutgifter, administrasjon og styring, i kr. pr. innb.	6 546	7 843	4 413	4 877	6 640	7 517	3 939	4 382

Det har vore aukande driftsutgifter til barnehagar, men framleis har kommunen lavare utgifter pr innbyggjar 1-5 år. Dette kan mellom anna forklarast av at andelen barn med barnehageplass er lavare i Vaksdal kommune. Netto driftsutgifter til grunnskule er synkande, og er no lavare enn både kommunegruppe 2 og 3. Der relativt høge utgifter til kommunehelseteneste og pleie- og omsorgstenester, som mellom anna kan forklarast med at det er mange eldre i kommunen. Det er lave, men aukande utgifter til sosialtenesta og barneverntenesta

Dekningsgrader

Dekningsgrad	Vaksdal 2013	Vaksdal 2014	Vaksdal 2015	Vaksdal 2016	KG 02 2016	KG 03 2016	Hordalan d 2016	Landet u/Oslo 2016
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	82	87,3	82,3	72,5	90,6	89,8	91,4	91,5
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	17,4	10,3	9,1	10	8,7	9,7	7,2	7,8
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	10,7	10,8	10,7	10,7	12,8	14,3	10	10,7
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	8,7	8,7	9,9	9,8	10,6	10,5	8,6	9,2
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100	100	100	100	96,4	94,3	93,7	94,9
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	13,9	16	17,2	14,5	14,6	14,8	14	13
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	4	3,9	3,9	5,2	:	:	:	4
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	4,6	5,2	5,9	5,8	:	:	:	4,9
Syssel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.	2	2	2	2	86	168	28	43
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	27	29	29	30	25	29	19	21
Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggere	0,19	0,24	0,15	0,15	0,7	0,59

Dekningsgraden viser kor stor del av målgruppene som får denne teneste, og korleis kommunen er dekkja innfor ulike tenester.

Produktivitet

Produktivitet/enhetskostnader	Vaksdal 2013	Vaksdal 2014	Vaksdal 2015	Vaksdal 2016	KG 02 2016	KG 03 2016	Hordalan d 2016	Landet u/Oslo 2016
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	132 225	146 249	173 844	183 959	184 544	192 041	198 259	187 734
Korrigerte brutto dr.utg. til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss, per elev	127 244	122 813	122 894	121 006	129 006	139 676	113 475	112 011
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10.årstrinn	13,4	13,2	13,9	13	12,1	10,9	14,9	14,1
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner)	205 748	229 638	219 814	214 250	222 386	221 244	259 891	247 605
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	914 662	867 257	1 053 714	1 317 020	1 025 157	1 150 414	1 075 455	1 101 656
Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	2 778	2 778	3 073	3 073	3 969	3 555	3 825	3 441
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	2 239	2 402	2 636	2 636	4 270	3 695	3 399	3 840
Årsgebyr for avfallstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	1 520	1 835	1 760	1 760	2 524	2 955	2 456	2 716
Gjennomsnittlig saksbeh.tid for private forslag til detaljreg. Kalenderdager	..	70	166	149
Gj.snittlig saksbeh.tid for opprettelse av grunneiendom. Kalenderdager	..	54	44	79	41	48
Bto. dr.utg. i kr pr. km kommunal vei og gate	83 000	96 455	100 307	91 875	83 249	93 468	175 046	136 122
Lovanvendelse								
Andel søknader om motorferdsel i utmark innvilget.	..	100	100	100	94	96	89	95
Andel innvilgede disp.søknader for nybygg i 100-m-beltet langs sjø.	100	92	78	90	85



Produktivitet viser kostnad pr eining, og viser kor effektivt kommunen driv sine tenester.

Nøkkeltal/analyse



Pleie- og omsorgstenester

Pleie- og omsorgstenester er institusjonsdrift, heimebaserte tenester og aktiviserings- og servicetenester.

Institusjonsdrifta har tidlegare vore den største delen av den kommunale verksemda, men frå 2014 har heimebaserte tenester hatt den største ressursbruken. Samla har det her vore redusert ressursbruk dei siste åra.




Vaksdal kommune har mange eldre, noko som både viser i inntektssystemet og på utgiftsnivået til kommunen. Kommunen har fleire mottakarar av heimetenester i alderen over 67 år. I aldersgruppa 0-79 år har tenestemottakarane eit høgare bistandsbehov. Når det gjeld den store brukargruppa over 80 år har tenestemottakarane eit lågare bistandsbehov.




For Vaksdal kommune og kommunar i kommunegruppe 2 og 3 har det vorte færre eldre over 80 år. Nasjonalt og i Hordaland er det noko auke. I denne gruppa har Vaksdal kommune relativt færre tenestemottakarar med omfattende bistandsbehov, og dette viser også noko nedadgåande trend. I kommunegruppe 2 og 3, Hordaland og nasjonalt er det motsett trend. For mottakarane over 80 ser vi at den nasjonale trenden er at det vert færre mottakarar i forhold til befolkninga, men at denne gruppa har relativt høgare bistandsbehov.

Vaksdal kommune har tradisjonelt hatt mange institusjonsplassar. Det har dei seinare åra vore reduksjon både i kapasitet og i oppholds dagar. I Vaksdal kommune er om lag 80% av bebuarane på




institusjon over 80 år, dette er noko høgare enn snittet i Kommunegruppe 2 og 3, Hordaland og landet. Opphaldsdøgn på institusjon pr innbyggjar over 80 år har vorte redusert, men ligg pr 31.12.2016 på eit nivå like over landet.





Vaksdal kommune har om lag same tal bebuarar i bustader til pleie- og omsorgsføremål og institusjon som Kommunegruppe 2 og 3, mens skilnaden i fht Hordaland og landet er større.

Vaksdal kommune har ikkje tilbod i omsorgsbustader med heildøgn bemanning. Samanliknar ein seg med kva snittet i kommunegruppe 2 og 3, Hordaland og landet har, tilseier dette eit nivå ifht innbyggjartala 67+ på mellom 8 og 16 plassar.







Skule og barnehage

Innafor tenestemåte Oppvekst har Skule hatt reduksjon i ressursbruken, medan Barnehage har hatt vekst. Utgifter til SFO har halde seg på om lag same nivå.




Kommunen har dei seinare åra hatt reduserte utgifter til drift av grunnskule, og har i 2016 lågare utgifter enn både Kommunegruppe 2 og 3. Framleis er nivået ein del over Hordalands- og landssnittet. Også driftskostnadene til skulebygga har vorte redusert, men hadde eit relativt store utgifter i 2016.



Vaksdal kommune har lavare dekningsgrad samanlikna med andre. Dette betyr at det er betydelege forskjellar avhengig om vi ser på utgifter i forhold til innbyggjarar og utgifter ti forhold til barn i barnehage.

År	Antall 0-5 åringer
2012	290
2013	280
2014	268
2015	264
2016	279

Det har vore noko reduksjon i talet på born i alderen 0-5 år, samstundes som utgiftene til drift av barnehage har auka. Utgiftnivået pr barn i barnehage har auka monaleg frå nivået i 2012.




I Vaksdal kommune er det relativt stor bruk av SFO.

Utgiftene til SFO er lavare enn Kommunegruppe 2 og 3, men høgare enn Hordaland og landssnittet.


Kommunehelse

Kommunehelse er tenestene «Førebyggjning, Helsestasjons- og skulehelseteneste» (232), «Anna førebyggjande helsearbeid» (233) og «Diagnose, behandling, rehabilitering» (241). Førebyggjning, Helsestasjons- og skulehelseteneste inkluderer også jordmorteneste og svangerskapskontroll. Anna førebyggjande helsearbeid anna førebyggjande helsearbeid enn helsestasjons- og skulehelseteneste, og inkluderer mellom anna miljøretta helsevern. Diagnose, behandling, rehabilitering er i hovudsak legeteneste, fysioterapi og ergoterapi.

Det er dårlege samanlikningdata for året 2016, men tal frå 2015 viser at Vaksdal kommune ikkje skil seg så mykje ut.





Barnevern og Sosial





Det har vore ei auke i utgiftene knytt til Barnevern og Sosial

Samanlikna med andre har Vaksdal kommune lave utgifter til barnevern, men det har vore ei betydeleg auke dei seinare åra. Vaksdal kommune har over tid hatt lavare utgifter til barnevernstiltak utanfor familien.





Innafor sosialtenestene har det vore ei betydeleg vekst i Vaksdal kommune. Samla er driftsutgiftene pr innbyggjar lavt, men utgifter til økonomisk sosialhjelp har hatt ein betydeleg vekst og ligg no på nivå med landet.



Eigedomsforvaltning

Utgifter til drift og vedlikehold av kommunale bygg er ført på ulike KOSTRA-funksjonar. Innføring av registreringsystem innfor tenesta, samt deltaking i nettverk for Eigedomsforvaltning har gitt betre styringsdata innfor denne tenesta. Det har også vore ei auke i vedlikehold dei seinare åra.



(oversikten viser løn- og driftskostnader, leigeinntekter og andre inntekter/utgifter er halde utanom).




Vaksdal kommune har mange kvadratmeter bygg samanlikna med andre kommunar (tal her er henta frå 2015, då dei foreløpige tala pr 2016 har dårleg kvalitet).

Med store areal vert det også trong for høgare FDV-kostnader (Forvaltning, Drift og Vedlikehold).


Det først og fremst innfor oppvekst at kommunen har mykje areal samanlikna med andre.





Administrasjon

Vaksdal har, som liten kommune, praksis for å føre alle felleskostnader ufordelt på rådmann/felles. Frå 2015 er kostnadane i større grad ført på rett Kostra teneste.



Oppsummering / vurdering av nøkkeltal

Helse og omsorg:

Vaksdal kommune har tradisjonelt hatt mange institusjonsplassar. Det har dei seinare åra vore reduksjon både i kapasitet og i oppholds dagar, dette følgjer trenden nasjonalt. Vaksdal kommune har ikkje tilbud med omsorgsbustader med heildøgns bemanning, ei heller andre typar plassar på lågare trinn. For å kunne møte tenestebehovet i framtida må kommunen byggje ut denne type tenester. Å framføre dagens tenester er ikkje berekraftig verken på relativ kort tid eller på lenger sikt når talet eldre aukar. Omleggingane må freista å redusere meirkostnadane med dagens struktur og legge til rette for mindre kostnadskrevjande drift frametter.

Vaksdal kommune yter tenester til mange eldre over 80 år. Her viser analysen at kommunen går motsett veg enn øvrige kommunar. Tala viser også at kommunen har relativt færre tenestemottakarar som har omfattande bistandsbehov. Dimensjonering av omsorgstrappa og bruk av velferdsteknologi gjer at kommunen kan redusere ressursbruken i heimetenesta, samstundes som tenestetilbodet er tilpassa brukerbehova.

Oppvekst:

Det har vore sterk vekst i utgiftene til drift av barnehagar. Utgiftene er no på eit høgare nivå enn kommunegruppe 2, Hordaland og landet. Reduksjon av kostnadsnivået er mogeleg.

Utgifter til skule har vorte redusert dei siste åra. Mogelegheitene for ytterlegare reduksjon er tilstade, men dagens struktur gjer at innsparingspotensialet er redusert.

Vaksdal kommune har relativt stort bruk av SFO. Utgiftene til SFO er ikkje høge samanlikna med kommunegruppe 2 og 3. SFO bruker relativt lite av kommunens ressursar, men det er uansett eit potensiale for effektivisering her.

Eigedom:

Vaksdal kommune har mykje areal samanlikna med andre kommunar. Dette gjer at behov for forvaltning, drift og vedlikehald (FDV) er stort. Kommunen har nytta for lite til vedlikehald over tid, og har difor eit stort vedlikehaldseterslep. Arealeffektivisering er nødvendig for å kunne redusere driftskostnader samstundes som vi har verdibevarande vedlikehald.

Fordeling kostnader samanlikna med landet

Vaksdal kommune nyttar 76% av brutto driftsutgifter til:

Administrasjon (5,3%), Barnehage (8,1%), Grunnskule (16,8%) , Helse og omsorg (40,2%) og Sosialteneste og barnevern (5,6%).

Tilsvarende tal for landet er 77,1%, der fordelinga er: Administrasjon (6,4%), Barnehage (11,6%), Grunnskule (19,8%), Helse og omsorg (31,4%) og Sosialteneste og barnevern (7,9%).

Samanlikning med landet er vanskeleg, då demografiske, geografiske og sosiol.-økonomiske tilhøve gjer at dei fleste kommunar skal ha ei anna fordeling enn landssnittet. Vaksdal kommune har ein kostnadsindeks på 1,18, noko som forklarar at det innafor enkelte område er naturleg at kommunen brukar meir eller mindre enn landssnittet.

For å samanlikne mot andre er det då viktig å sjå på analyser som tek omsyn til innbyggjartal i målgruppa for dei ulike tenestene og tal tenestemottakarar.

Vedlegg 2. Betalingsattsar 2017

Vedlegg 3. Betalingsattsar 2018

Det er ei generell prisauke på 5%

Vass- og avlaupsgebyr

Abonnementsgebyr

Abonnements kategori	Vatn Pris/abonntent Inkl.mva.	Avlaup Pris/abonntent Inkl.mva.
Bustad		
Frittstående bueiningar < 60 m ²	Kr. 1.574,-	Kr. 1.155,-
Bueiningar i fleirbustad/kombinerte bygg	Kr. 1.827,-	Kr. 1.320,-
Frittstående bueiningar > 60 m ²	Kr. 2.284,-	Kr. 1.650,-
Næring		
Anna næring/verksemd	Kr. 2.284,-	Kr. 1.650,-
Offentlege bygg (Adm.bygg, skular, barnehagar)	Kr. 4.568,-	Kr. 3.300,-
Sevicenæring (overnatting og servering)	Kr. 6.852,-	Kr. 4.950,-
Institusjonar (sjuke- /pleieheimar, omsorgsenter)	Kr. 9.136,-	Kr. 6.600,-
Våtnæring (tekstil)	-	Kr. 8.250,-

Forbruksgebyr

Forbruksgebyret vert utrekna på grunnlag av målt eller stipulert forbruk, begge basert på einingspris, sjå tabell under.

Einingspris

Forbruksgebyr	Einingspris per/m ³ inkl.mva.
Vatn	11,61
Avlaup	11,43

Leige av vassmålar

Årleg leige/gebyr pr. installert målar dim Ø t.o.m 1" (toms):	Inkl.mva. Kr. 312,50
Årleg leige/gebyr pr. installert målar dim Ø større enn 1" (toms):	Inkl.mva. Kr 625,00

TILKNYTINGSGBYR

Ein fast sum vert lagt til grunn for eingongsgebyret.

Tilknytingsgebyr	Gebyr inkl. mva
Vatn	Kr. 15.625,00
Avlaup	Kr. 15.625,00

Feie – og tilsynsgebyr

Kr 364,- pr. pipe inkl. mva.

For røykpipe med to pipeløp skal feie- og tilsynsgebyret vera 1,5 gonger gebyret for ei pipe.

Innan tenesta feiing og tilsyn, har kommune opparbeidd eit bunde driftsfond som må nyttast til å redusere gebyret for 2018.

Slamgebyr

Gebyr for tømning av slamavskiljar vert

Tank våtvolum	Gebyr inkl. mva
0,1 til 4 m ³	Kr 1.253,-
4,1 til 8,0 m ³	Kr 2.119,-
> Større enn 8,0 m ³ (pris per m ³)	Kr 331,-
Hytter/Fritidshus	Kr 626,-

For bustader - tømmeffrekvens:

Slamavskiljaren skal tømast annakvart år, medan gebyret vert å krevja inn årleg.

For hytter - tømmeffrekvens:

Slamavskiljaren skal tømast kvart fjerde år, medan gebyret vert å krevja inn årleg.

Barnehage

Barnehagesatsane for 2018 vert justert i samsvar med Statsbudsjettet 2018. For delte plassar er det eit tillegg på kr 50,-

Satsane er pr. mnd – 11 månader i året.

Skulefritidsordning

Foreldrebetaling i skulefritidsordningane for våren 2018:

Timepris kr 31,-. Det er eit tillegg på kr 59,- for delte plassar.

Det kan kome endringar i betalingsatsane frå hausten 2018 (neste skuleår)

Vaksdal kulturskule

Elevplass (pr år)	2 780
